24	Velferdsteknologi Helse og omsorg	Velferdsteknologi er brukarretta teknologi for tryggleik, auka sjølvstende, medbestemming og betre livskvalitet. Velferdsteknologi kan gi økonomiske vinstar på millionbeløp som kan omdisponerast til bl.a. andre tenester for meir krevjande brukarar. Vinstane kan realiserast gjennom auka

Nr	Tiltak	Kommentar
		kapasitet med eksisterande ressursar, redusere etterspurnad etter tenester frå brukar, eller redusere tidsbruk og dermed ressursbehov/bemanning for enkelte tenester. Dette er eit naudsynt tiltak for å handtere utfordringar i framtida.
25	Kulturhus del 2 - Gamle kinosal	Kulturhus fase II / Voss gamle kino renoverast som akustisk konsertlokale. Det er utfordrande at salen vert nytta som utleigelokale, då den endå ikkje er tilrettelagd for slik bruk
26	Ny bokbuss	Bokbussen er utsliten og det er trong for utskifting.
27	Utrykningsbilar brann - utskifting av køyretøy Vossestrand	Eksisterande brannbil er gammal og må erstattast av ny
28	Liten varebil Brannvern feiing	Grunna feiing av alle piper i kommunen, vil talet piper doblast. Det er tilsett feiarar. Feiing inngår i sølvkostområdet.
29	Rehabilitering av toalett i skulane	Dårlege sanitæranlegg på skular må oppgraderast
30	Bil til byggesaksavdelinga, sjølvfinansierende	Dersom ny organiseringa av bilparken tilseier at vi får bilar tilgjengeleg for tilsynsoppgåver og byggjesak, faller denne delen ut, men byggjesak kan finansiera bil over sjølvkost-rekneskapen til tilsyn og synfaringsooppgåver
31	Vangen skule -kjøp av høgskulebygg og rehabilitering av skulen	Utbygging av lokalitetar for personale, ventilasjon i resten av bygget, universell utforming mm Vangens skule har hatt stor auke i tal elevar og dei nyttar høgskulebygget som undervisningslokale. Ønskjeleg at bygget blir overført til kommunen /same eigar som skulen elles.
32	Lundhaugen omsorgsbustader MNF	Nybygg omsorgsbustader til personar med nedsett funksjonsevne. Jfr vedtak i økonomiplan
33	Kjøp av Modulbygg på Ungdomskulen	Kjøp av modulbygg som no er leigt til lokale for ungdomskulen
34	Istadmyrane industriområde, infrastruktur vidareutviding. Istadmyrane industriområde, infrastruktur vidareutviding	Utbygging av byggjetrinn 3 er planlagt gjennomført i løpet av 2018. KST vedtok 25.04.17 i sak 24/17 at Voss Eigedom får fullmakt til å fastsetja tomteprisane. Sjølvkost er lagt til grunn, slik at sal av næringsstomter skal finansiere utbygginga. Deter naudsynt med låneopptak for å finansiere utgiftene inntil tomtene vertselde.
35	Brannstasjon. Modulbygg feiing, godkjende garderobar	Rapport etter tilsyn frå Arbeidstilsynet har det vorte avdekkja alvorleg avvik i samband med eksponering av kjemisk helsefare for tilsette innanfor brann/feiing. Avvik vert fyrst lukka når det er på plass garderobetilhøve som skil rein og skiten sone. Arbeidstilsynet har gjeve Voss kommune utsett frist fortilbakemelding til 31.12.17. Om Voss kommune ikkje klarer å lukka avviket, vil det påløpa dagbøter. Kontorlokala er også dårlege, og det er såleis naudsynt med utgreiing av nye lokale for brannstasjon. Dette er eit større arbeid som vil ta fleire år, og ein ynskjer då å få til ei mellombels løysing.
36	Trafikksikring Lekvemoen kryss Lekvemogata – Uttrågata	I samband med utbygging av nytt gymnas på Skulehaugen og nytt parkeringsanlegg i Lekvemoen er det krav om å forbetre trafikksituasjonen i Uttrågata og Lekvemoen. Det er inngått avtale mellom Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Voss kommune om ei tredeling av kostnader knytt til opparbeiding av Lekvemo krysset. Det er i tillegg behov for å gjere utbetringar på det kommunale vegnettet i Lekvemoen. Det er eit attraktivt sentrumsområde som bør prioriterast med betre tilrettelegging og utvikling. Statens vegvesen har gjeve

Nr	Tiltak	Kommentar
		signal om at arbeidet skal utførast i 2018.Kostnadenmå evt. dekkjast frå fond

5 Rådmannen og politiske organ

5.1 Rådmannen - politiske organ

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Rådmannen - politiske organ			
Sum utgifter	7 890 881	25 559 900	12 074 012
Sum inntekter	-453 973	-136 600	-86 600
Netto	7 436 908	25 423 300	11 987 412

Politiske organ omfattar kommunestyret, formannskap, miljø og kulturutvalet, administrasjonsutvalet, levekårsutvalet, næring og tiltaksutvalet, støtte til politiske parti, kommunestyret sin reservepost, utgifter ifm. kommune/ fylkestingsval, godtgjersle til ordførar og varaordførar.

Budsjettet er justert ned fordi det ikkje er utgifter til val i 2018.

Rådmannen omfattar administrasjonsutgifter og løn til rådmann, lønsreserve for heile kommuneorganisasjonen og lovpålagde områder som revisjon, kontrollutval og beredskap.

Etter at lønsoppgjøret er klart på hausten i budsjettåret, vert poste fordelt på dei ulike kommunalavdelingane. Lønsreserveposten er justert ned frå 14 mill i 2017 til 12 mill kr. i 2018

5.2 Folkevalte organ

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Folkevalte organ			
Sum utgifter	4 413 212	7 242 175	5 670 849
Sum inntekter	-229 597	-50 000	0
Netto	4 183 615	7 192 175	5 670 849

5.3 Rådmannen

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Rådmannen			

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Sum utgifter	9 822 966	16 493 928	14 579 366
Sum inntekter	-165 741	0	0
Netto	9 657 225	16 493 928	14 579 366

Rådmannen omfattar administrasjonsutgifter og løn til rådmann, lønsreserve for heile kommuneorganisasjonen og beredskap.

Etter at lønsoppgjøret er klart på hausten i budsjettåret, vert posten fordelt på dei ulike kommunalavdelingane. Lønsreserveposten er justert ned med 2 mill kr til 14 mill. kr

5.4 Offentlege organ

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Offentlege organ			
Sum utgifter	1 654 211	1 823 797	1 823 797
Sum inntekter	-57 954	-86 600	-86 600
Netto	1 596 257	1 737 197	1 737 197

Her inngår budsjett for kontrollutvalet og arbeidsmiljøutvalet.

Budsjettframlegget frå kontrollutvalet er lagt inn med same beløp som i 2017 dvs. marginalt over utvalet sitt vedtekne budsjettframlegg.

5.5 Voss

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Voss			
Sum utgifter	1 332 162 158	1 286 080 082	1 333 594 577
Sum inntekter	-1 309 523 672	-1 286 383 141	-1 335 727 375
Netto	22 638 486	-303 059	-2 132 798

5.6 Oppvekst

5.7 Oppvekst

6 Oppvekst 2018

6.1 Oppvekst

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Oppvekst			
Sum utgifter	457 102 554	439 184 071	459 356 983
Sum inntekter	-90 281 499	-75 611 071	-80 063 983
Netto	366 821 055	363 573 000	379 293 000

Økonomi

Budsjettet er styrka i samsvar med vedteken økonomiplan.

- Innsparing leige Hagahaugen og Bjørkelid kr. 1 513 000
- Innsparing leige modul Lundhaugen kr. 400 000
- Innsparing Helsesøstre kr. 700 000 pga. nedlegging Voss mottak
- Auka utgifter symjeundervisning kr. 400 000
- Innkjøp av IT-utstyr, totalt kr 1 500 000, kr 1 000 000 til grunnskule og 500 000 til andre avdelingar i oppvekst
- Auke driftsramme til barnevernet kr 1 000 000
- Auke i driftsrammer til Voss ungdomsskule kr. 1 800 000

Budsjettet er elles framskrive frå 2017. Ramma har ikkje gitt høve til auke i frie driftspostar. I tillegg har vi auka utgifter på 1 300 000 kr ekstra kostnad på gjesteelevar, dvs. elevar som Voss kommune har ansvar for, men som går i skule i andre kommunar grunna at dei er plassert i fosterheimar av barnevernstenesta. Husleiga er auka for høgskulebygget 370 000 og for helsestasjons- og skulehelsetenesta på vel 120 000. Introduksjonsordninga krev ein auke på 3 140 000 kr.

Driftsbudsjetta er svært stramme.

Brukarperspektiv

Kommunen gjennomfører jamleg brukarundersøkingar der dette er utvikla av KS og "Betre kommune". Resultat blir lagt fram offentleg når dei er analysert og klare til presentasjon.

Medarbeidarperspektiv

Det er gjennomført medarbeiderundersøking i 2017, resultatet blir bruk til refleksjon og drøftingar for kva som kan vera aktuelle tiltak for å utvikla arbeidsplassane i positiv lei.

Høg kompetanse mellom dei tilsette har vi, men det har blitt færre søkjarar til

pedagogstillingar i barnehage og skule, særleg leiarstillingar. Vi har per no konstituert tilsette til leiarstillingar ved Evanger skule og barnevernstenesta.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	453	451	441
Tal personar	545	551	542

Interne prosessar

Omorganisering innan oppvekst del to er no vedteken og vil bli sett i verk etter planen får 1.1.2018.

Det er starta opp eit arbeid med auka tverrfagleg innsats og samarbeid på eit tidleg tidspunkt for å fange opp barn som lever med vald i nære relasjonar og/eller rus.

6.2 Administrasjon

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Administrasjon			
Sum utgifter	7 644 974	6 718 953	6 292 842
Sum inntekter	-998 561	-115 284	-271 884
Netto	6 646 413	6 603 669	6 020 958

Økonomi

Fellesadministrasjonen for oppvekst er vidareført på same nivå som inneverande år, men stillingstrukturen er lagt om med oppretting av eit leiarnivå mellom einingsleiarane og kommunalsjef.

I budsjettet er auka satsing på IT lagt til fellesadministrasjonen for seinare fordeling på aktuelle einingar.

Stipulert lønsauke for lokale tingingar i 2017 er også lagt til fellesadministrasjonen og vert fordelt på einingane etter at resultatet av tingingane er klart.

Brukarperspektiv

Fellesadministrasjonen handterer forvaltningssaker og personalsaker for tenestene i oppvekst og saksutgreiing til politiske møte.

Kontoret er i tett kontakt med leiarar i einingane, og har faste møte med dei.

Vi organiserer fellestiltak som kurs for tilsette, m.a. på planleggingsdagar, nettverk for

nyutdanna, pedagogiske leiarar, menn i barnehage, SFO-leiarar.

Det er tilsett IKT-ansvarleg ved kontoret frå august 2017. Ho skal yte støtte til alle einingar i oppvekst på programvare og utstyrspark i samarbeid med It-avdelinga.

Staben legg til rette for utviklingsarbeid i barnehagar og skular gjennom utviklingsplanane "Den gode barnehage" og "Betre læringsmiljø". Zero, eit systematisk anti-mobbearbeid, er ein del av desse planane, og alle barnehagar og skular nyttar dette verktøyet.

Medarbeidarperspektiv

Omorganisering av tenestene er vedteke for å styrke oppfølging av einingane. Stillingar er omgjort frå saksbehandlar i fellesadministrasjonen til leiar for grunnskulane, leiar for barnehagar, leiar for andre tenester for barn og unge. I sistenemnde leiarfunksjon ligg ei samorganisering mellom barnevernet, helsestasjons- og skulehelsetenesta og PPT-kontoret.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	8,25	8,25	13
Tal personar	12	12	16

Interne prosessar

Ny organisering frå 1.1.2018/når nye leiarar er på plass.

Samanslåingsprosessen med Granvin er også ei større oppgåve som vil krevje innsats frå administrasjonen i åra som kjem.

6.3 Grunnskular

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Grunnskular			
Sum utgifter	217 154 114	199 113 059	214 020 910
Sum inntekter	-32 964 009	-28 748 759	-31 386 375
Netto	184 190 105	170 364 300	182 634 535

Økonomi

Grunnskulen har 1787 elevar (2016: 1790) og klassetal på 89 (2016: 88) fordelt på 10 grunnskular.

Lærartettleiken er styrka i 2016 og 2017 med kommunalt vedtak og øyremerka statlege midlar til tidleg innsats på småskulesteget. Budsjettet tek høgde for framhald av styrking av lærartettleik i 1.- 4. klasse. Det er lagt inn ca 3,3 mill for forventna statlege øyremerka midlar i 2018, og signal i statsbudsjettet er at desse blir vidareført som øyremerka tilskot.

I 2016 løyvde kommunestyret 1 million investeringsmidlar til IT-utstyr i skulane. Desse har gitt skulane eit løft på utstyrssida. I økonomiplan er det sett av 1 million til styrking av driftsmidlar til IT-utstyr, då vil vi kunne sikra framhald av nivået framover.

Fleire skular treng oppgradering av bygg, m.a. grunna auka elevtal. Men også grunna slitasje. Særleg gjeld dette Voss ungdomsskule, Skulestad, Vangen og Palmafossen skular, prioriteringar er lagt fram i eiga sak.

Husleiga for Høgskulebygget er auke med 364 000 i 2017.

Brukarperspektiv

Tilstandsrapporten for grunnskule gir informasjon om læringsresultatet og brukarundersøkingar.

Utviklingsarbeidet "Betre læringsmiljø" vil halde fram i planperioden (2017-2020). Tema i perioden er: Vurdering for læring, felles prinsipp for begynnaropplæringa i lesing/skriving/rekning, felles prinsipp for korleis vi møter/støttar elevane i deira sosiale utvikling. I "Vurdering for læring" får alle lærarane kollektiv kompetanseheving gjennom nettundervisning utvikla av høgskulen i Innlandet.

Modulbygget ved Voss ungdomsskule må erstattast, men det er ikkje sett av midlar til dette i økonomiplan. Administrasjonen føreslår at modulbygget som står ved skulen blir kjøpt. Kostnad sett til 4,5 mill.

SFO-satsar er auka med 2,4 % frå 1.1.2018.

Nye reglar i opplæringslova med lovfesta rett til eit trygt og godt opplæringsmiljø for alle elevar har gitt skjerpa dokumentasjonskrav og aktivetsplikt for tilsette.

Medarbeidarperspektiv

Kompetansehevingsplan for lærarar med manglande kompetanse etter kompetansekrava frå 1.8.2015 er utarbeida. Kommunen skal gjennomføra kompetansehevinga i løpet av 10 år (ferdig i 2025). I 2017/2018 deltek 8 lærarar i vidareutdanning i engelsk i desentralisert gruppe.

Felles kurs/opplæring for alle tilsette i skulane vil halde fram som del av utviklingsarbeidet.

Rektorane melder om store utfordringar i høve til å gje gode nok tilbod til elevar med særskilde behov, gjesteelevar, elevar med anna morsmål enn norsk og elles elevar som har det vanskeleg. Det er registrert aukande grad av diagnosar og store forventningar til auka tilpassingar for einskildelevar. Utfordringa er knytt til både kompetanse og ressursar.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	265	262	256
Tal personar	317	326	317

Interne prosessar

Frå 1.1.2018 vil det bli opprette ny leiarstilling.

Hausten 2017 bli programmet "Min timeplan" innført som forsystem for løn, tilsvarande som GAT fungerer for barnehagar og EM-tiltaka.

Vi har fokus på å utarbeide rutinar og prosedyrar i fellesskap på dei felt der det er føremålstenleg. Avvikshandtering, internkontroll og årshjul for tenestene må kontinuerleg utviklast for at vi i alle ledd skal jobbe effektivt.

6.4 Barnehagar

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Barnehagar			
Sum utgifter	124 243 423	130 362 343	129 904 370
Sum inntekter	-19 163 692	-19 607 267	-19 166 594
Netto	105 079 731	110 755 076	110 737 776

Økonomi

Budsjettet gjeld åtte kommunale barnehagar med 398 barn (2016: 416 barn) per 15.9.2017 og tilskot til private barnehagar.

747 barn (2016: 764) går i barnehage, 92,0 % av barn i alderen 1-5 år. Rett til plass er utvida frå hausten 2017 og gjeld alle som fyller eitt år før 1. desember. Omlag 10 barn vil byrje i barnehagen før desember.

Kunnskapsdepartementet har føreslått lovendring for grunnbemanning og pedagogisk bemanning. Blir framlegga vedtatt, trer dei i kraft frå 1.8.2018. For Voss kommune vil gi 7 nye årsverk til kommunale barnehagar og tilsvarande auka sum per plass til private barnehagar. Dette er ikkje lagt inn i budsjettet.

Kostpengar har ikkje vore endra sidan 2013. Leiarane ber om auke, dei maktar ikkje å halda budsjettet. Administrasjonen tilrår ein auke på 50 kr per plass til kr 450 per barn per måned. Kostpengar skal berre dekke utgifter til mat og tillaging av mat til sjølvkost. I statsbudsjettet er makspris føreslått auke med 185 kr.

Brukarperspektiv

Foreldre med låg inntekt får gratis kjernetid for 3, 4 og 5-åringar. Ingen betaler meir for ein barnehageplass enn 6 % av bruttoinntekta til hushaldninga. Dette gir ca 900 000 i redusert inntekt for barnehagane. Kommunen har saksbehandling for denne ordninga for både kommunale og private barnehagar.

Per september står det 151 barn (2016: 176) på søkjarlista, ca 60 (2016:70) ønskjer byte av plass eller barnehage. Omlag 16 barn (2016: 10) ønskjer plass frå no og fram til 31.12.2017. I januar 2018 er det omlag 21 barn som ønskjer barnehageplass.

Det er forskriftsfesta frå 1.8.2017 at barn som fyller tre år frå januar til august skal reknast som under tre år fram til nytt barnehageår. Tidlegare år har vi kunne flytta barn som fyller tre år i løpet av våren opp til stor avdeling og slik gi plass til nye barn innan same arealkrav og bemanningsnorm. Dei nye reglane vil føre til at svært få nye barn vil få barnehageplass i vårhalvåret dersom ikkje tal plassar blir utvida.

Medarbeidarperspektiv

Utviklingsarbeid "Den gode barnehage" er revidert og held fram til 2020. Planen er vedteken i Utval for levekår og har som mål å gi god kvalitet til brukarane. Nøkkelfaktorar er felles satsing på leiing, kompetente vaksne, positivt sosialt miljø, språkutvikling og samarbeid med foreldre. Alle barnehagar har delteke i opplæring av barnehage-Zero.

Barnehagane skal starte opp med felles mal for startsamtale med alle foreldre. Dette er ei oppfølging av prosjekt i 2017 for betre tidleg innsats for alle barn.

Langtidssjukefråvær er høgt i barnehagane. Det blir arbeidd med å få på plass eit betre system for førebygging.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	107	103,5	100,5
Tal personar	127	123	119

Interne prosessar

Frå 1.1.2018 blir det tilsett ny leiar for barnehagane. Denne rapporterer til kommunalsjef.

Ny lovregel om tilretteleggingsplikt for barn med nedsett funksjonsevne på individuelt grunnlag krev nye rutinar og oppfølgingsansvar for kommunen, der kommunen har fått ansvar for å sikre at barna får det dei skal ha, både i private og kommunale barnehagar.

6.5 PPT-tenesta

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
PPT-tenesta			
Sum utgifter	13 772 664	8 407 544	7 994 594
Sum inntekter	-8 687 382	-3 152 240	-2 540 314
Netto	5 085 282	5 255 304	5 454 280

Økonomi

PPT Voss yter tenester til fem kommunar, der fire kommunar, Eidfjord, Granvin, Ullensvang og Ulvik, har samarbeidsavtale med Voss og betalar for tenestene etter refusjonskrav.

PPT har hatt kontorfellesskap med OT/PPT, fylkeskommunen som har betalt 35 % av kontordrift, reinhald og sekretærtjenester ved kontoret. PPT får eit inntektstap på kr. 422 000 i høve 2017 som følgje av dette. Drifta er i budsjettet tilpassa denne endringa.

Kontoret har stor auke i telefonutgifter etter innføring av nytt telefonsystem.

Ullensvang herad skal slåast saman med Odda og Jondal kommunar frå 2020.

Kontoret er varsla om at Ullensvang vurderer å seie opp avtalen frå 2019. Dette vil få framtidige konsekvensar for talet på fagstillingar og inntekter til kontoret.

Brukarperspektiv

PPT vil stort sett ha same nivå på tenestene overfor brukarane i 2018 som tidlegare år. Kontoret vil legge vekt på å vera meir tilgjengelege ute i barnehagar og skular for å betre kunna bidra til tidleg innsats overfor barn og elevar med særlege behov.

Medarbeidarperspektiv

Fylkeskommunen har kjøpt 35 % av sekretærfunksjonen. Omstillingsprosess er i gang for å tilpassa drifta til nytt nivå.

Etter pågåande organisasjonsutvikling i oppvekst, vil barnevernstenesta, helsestasjons- og skulehelsetenesta og PPT-kontoret samorganisering under felles leiing.

PPT blir samorganisert med andre tenester som støttar opp om barn og familie i barnehagar og skular og i samfunnet elles.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	9,53	9,88	10,48
Tal personar	12	11	12

Interne prosessar

PPT har fokus på systemarbeid i samarbeid med barnehagar, skular og andre instansar som har tenester retta mot barn og unge. Individet er ein del av systemet, og med å fokusera på universelle tiltak vil vi kunna nå fleire barn.

PPT jobbar for å få på plass eit digitalt arkiv for å sikre effektiv og sikker drift ved kontoret. Løysing er ikkje bestemt, men målet er å få dette på plass tidleg i 2018. Opplegget kan gi auka driftsutgifter, men også forenkla arbeidsprosessar.

PPT er i gang med oppdatering av dataparken sin og fått trådløst nettverk. Tilgang til sikker sone skal også på plass slik at saksbehandlarane har tilgang til det dei treng når dei er på oppdrag i barnehage og skule og i andre kommunar. Frå og med hausten 2017 har kontoret fleire faste utedagar i veka.

6.6 Integrering og vaksenopplæring

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Integrering og vaksenopplæring			
Sum utgifter	48 075 202	51 961 833	52 232 362
Sum inntekter	-20 148 654	-18 580 476	-20 739 830
Netto	27 926 548	33 381 357	31 492 532

Utgiftsauken skuldast rekordhøge tal deltakarar i introduksjonsprogrammet.

Økonomi

Etter rekordbusetjing i 2016, er det nedgang i tal busette i 2017. Oppmodinga for 2017 er på 36 flyktningar. Kommunen har per 12.9 busett 32 flyktningar, inkludert 4 einslege mindreårige. I tillegg er det busett 5 familiesameinte. Familiesameiningar utløyer same tilskot og gir same rettar som flyktningar busett etter avtale.

Oppmoding for 2018 kjem i 4. kvartal, men prognosane for busetjing tyder på reduksjon i busetjingsbehovet. Dette gjeld og einslege mindreårige.

Voss asylmottak vart lagt ned 30.4.2017. Saman med redusert busetjing gjer dette at behovet for norskopplæring er noko redusert. Den store busetjinga i 2016 gjer likevel at talet deltakarar i introduksjonsprogram vil vere høgt også i 2018.

Kommunen får eit fast beløp per person som har rett til norskopplæring. Dette gjeld alle flyktningar og familiesameinte som kan få inntil 3 000 timar med norskopplæring.

Brukarperspektiv

Flyktningtenesta flytta til eigne lokale på Tvildemoen i 2016. Dette har gitt betre tenester til flyktningane, gjennom betre tilgjenge og større høve til å tilretteleggje for

kurs og samtalar.

Timetalet i norskundervisninga er auka i introduksjonsprogrammet, slik at alle deltakarar skal ha eit tilbod som går på fulltid og heilår i samsvar med lovkrav.

Grunnskuleopplæring er eit viktig element i introduksjonsordninga. Elevane som har rett på grunnskuleopplæring kan velgje eit toårig løp med eksamensretta opplæring etter Kunnskapsløftet, eller opplæring i grunnleggande dugleikar utan eksamen.

Kommunen har tett samarbeid med Voss Røde Kors om integreringsarbeidet, mellom anna gjennom flyktingguideprosjektet og nyoppretta koordinatorstilling for frivillig arbeid. Eit resultat av dette arbeidet, er at fleire flyktingar deltek i fritidsaktivitetar gjennom etablerte lag og organisasjonar i kommunen.

Medarbeidarperspektiv

Samordning av flyktingteneste, vaksenopplæring og tiltak for einslege mindreårige i eininga Integrering og vaksenopplæring har letta samarbeidet mellom dei tre tenestene.

Det er oppretta ei samarbeidsgruppe mellom Flyktingtenesta og Vaksenopplæringa, som skal fortsette arbeidet sitt inn i 2018. Målet er å styrke samarbeidet mellom tenestene om introduksjonsprogrammet, og syte for at vi har felles mål for arbeidet med introduksjonsprogrammet.

Leiar for bustadane for einslege mindreårige flyktingar, EM-tiltaket, har fått kontorplass saman med Flyktingtenesta i Tvildemoen. Frå 1.10.2017 har tenesta i fellesskap fått på plass kontormedarbeidar i 50 % stilling på same stad.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	37,2	38,5	28
Tal personar	41	39	30

I tillegg kjem 4,37 stilling (5 tilsette) som logoped som blir utgiftsført under grunnskulen.

Interne prosessar

Em-tiltaket innfører lønssystemet GAT i løpet av hausten 2017. På nyåret tek tiltaket i bruk same sakshandsamingssystem som flyktingtenesta og vaksenopplæringa (Visma flykting og vaksenopplæring), noko som vil gjera det enklare å handtere journalar og vedtak.

Integrering og vaksenopplæring har planar om å gjennomføre ny brukarundersøking på nyåret. Som i 2015 vil dette skje i samarbeid med Gran og Lunner kommunar.

Dei siste tre åra har kommunen hatt eit eige prosjekt for å få deltakarane i introduksjonsprogrammet ut i praksis. Prosjektet har vore støtta økonomisk av IMDI. Frå 2018 må prosjektet vidareførast i eige regi for å sikre at vi opprettheld gode resultat i introduksjonsordninga. Dei siste tre åra har kommunen hatt eit resultat på rundt 70 % av deltakarane rett over i arbeid eller utdanning etter programslutt, mot

eit landssnitt på under 50 %.

6.7 Barnevernsavdeling

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Barnevernsavdeling			
Sum utgifter	33 722 571	30 940 605	27 992 313
Sum inntekter	-5 260 624	-3 440 295	-4 144 250
Netto	28 461 947	27 500 310	23 848 063

Økonomi

Pr 14.9.2017 har tenesta 10,3 årsverk til saksbehandling. Det er gjort vedtak om hjelpetiltak i heimen for 110 barn (2016: 108 barn). Tenesta har sett inn tiltak som "Inn på tunet" og "Aktivt pusterom" i staden for besøksheim, då besøksheimar er vanskeleg å rekruttera. Dei to tiltaka gir barn opplevingar og er sosialt utviklande.

31 born er under kommunal omsorg etter vedtak i Fylkesnemnda. I tillegg er tre barn plassert utanom heimen i samarbeid og samtykke frå foreldre. Samla har kommunen ansvar for 34 barn (2016: 31 barn). Kommunal eigendel for ein fosterheim er kr. 32 370,- per måned (gjeld 31 barn). Kommunal eigendel institusjonsplass er kr. 68 740,- per måned (gjeld 3 barn).

Barneverntenesta treng betre tekniske løysingar for å arbeide meir effektivt. Berbar PC og mobiltelefon til alle og tilgang til sikker sone er lagt inn i økonomiplan og i budsjettet. Oppgradering til å kunne gjennomføre nettmøte via skjerm er planlagt i 2018.

Brukarperspektiv

Barneverntenesta har ikkje god nok oppfylging og evaluering av hjelpetiltaka som er sett i verk. Dette er det no teke tak og skal bli betre. Det er gjort intern omorganisering for å nå dette målet.

Tilsynsarbeidet overfor barn som bur i fosterheim i Voss kommune er under omarbeiding. Etter kvart som nye barn blir busette i kommunen, vil kommunen engasjere tilsette utanom barnevernet til å ivareta denne tenesta. Opplæring vil bli gitt.

Helgevakt for barnevern skal søkast å bli etablert i samarbeid med politi og alle kommunane i fylket.

Medarbeidarperspektiv

Tolv saksbehandlarar er fordelt med tre som har ansvar for nye meldingar og undersøkingar, ni har ansvar for å fylgje opp barn på hjelpetiltak og barn som er plassert i fosterheim eller institusjon. Mellom desse ni er det to som berre skal arbeide med plasserte barn, inklusiv unge i EM-tiltaket.

Pr 14.9.2017 er det 1,5 årsverk i langtidssjukemelding. det er søkt etter vikarar for desse.

Inneverande år det har vore eit år med mange jobbrelaterte sjukemeldingar. Kommande år må tenesta ha fokus på kva som kan gjerast for å hindre dette. Tett oppfølging av tilsette og å gje dei tilsette tid til å meistre arbeidet er nokre av tiltaka som blir sett inn. Arbeidsmengda er ikkje alltid mogeleg å styre. Elles har tenesta fokus på korleis saksbehandlarane strukturer arbeidet sitt på best mogeleg måte.

Eksisterande lokale er tronge. Det blir jobba med å få nye lokale ved knutepunktet.

Barnevern, PPT og helsestasjons- og skulehelsetenesta skal samorganiserast frå januar 2018.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	15,26	15	22,7
Tal personar	18	18	26

Interne prosessar

Barnevernet satsar på tidleg innsats og hjelpetiltak til barn, unge og deira føresette i heim og nærmiljø. Implementering av metoden "Signs of Safety" styrkar barneverntenesta sitt arbeid med å få fram familiane sine ressursar. Metoden har fokus på å involvere nettverket til familien meir i arbeidet med å skape varige endringar i familien.

Barnevernstenesta vil fokusere på at familien/nettverket saman med barneverntenesta kjem fram til kvar barnet/ungdomen skal bu, eventuelt kva kan familien/nettverket bidra med for å hjelpe familien med dagleg omsorg.

I tråd med ovannemnde vil tenesta framover ha meir fokus på å nytte tiltaket Familieråd frå Bufetat. Barnevernet skal også delta i kommunen si satsing "Tidleg inn".

6.8 Helsesøsterteneste

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Helsesøsterteneste			

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Sum utgifter	12 489 606	11 679 734	10 451 626
Sum inntekter	-3 058 577	-1 966 750	-1 126 750
Netto	9 431 029	9 712 984	9 324 876

Økonomi

Helsestasjons- og skulehelsetenesta har auka utgifter til nytt telefonsystem og auka husleige med samla ca 140 000 kr. Dette er lagt inn i budsjettet.

Asylmottaket i kommunen er lagt ned, konsekvens for helsestasjons- og skulehelsetenesta er reduksjon av 75 % helsesøsterstilling og 10 % legestilling, til saman ein reduksjon på kr 700 000,-. Grunna nedlagt asylsøkjjarar er utgifter til tolk også gått ned.

Tenesta har i inneverande år motteke til saman 2 695 000,- i statlege tilskot. Tilskota har gått til styrking av tenesta. I samband med at tenesta har ei stilling vakant frå nyttår, er det lagt inn ei innsparing på ca 230 000 lagt inn som innsparingstiltak i 2018.

Brukarperspektiv

Alle førstegongsfødande og fødande med spesielle behov får heimebesøk av jordmor. Alle førstegongsfødande får også heimebesøk av helsesøster. Alle konsultasjonar på helsestasjonen og i skulehelsetenesta blir no utført i samsvar med statlege retningslinjer.

Helsesøster har regelmessig trefftid på alle skular. Denne er styrka siste året grunna statleg øyremarka midlar. Løyvd sum er på 1,6 mill kr i 2017. Det er gitt signal i statsbudsjettet at midlane vert vidareført i 2018.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta har fått nye nasjonale retningslinjer i 2017. Desse er normgjevande og legg stor vekt på psykisk helse, avdekking av vald og overgrep i nære relasjonar og på samarbeid med andre instansar.

Arbeidet med tryggleik, integrering og god helsehjelp til familiar med anna morsmål enn norsk vil bli styrka i 2018 grunna øyremarka tilskot.

Medarbeidarperspektiv

Nye retningslinjer for helsestasjons- og skulehelseteneste vektlegg mellom anna at vi skal bistå med å avdekke vald og seksuelle overgrep, og arbeide med psykisk helse. Retningslinjene betyr at arbeidet involverer alle yrkesgrupper i tenesta.

Voss kommune har inngått avtale med KoRus Vest om å vera BTI-kommune (betre tverrfagleg samarbeid). Hausten 2017 skal kompetansenivå om førebyggjande arbeid kartleggast i kommunen. Leiande helsesøster er koordinator for dette arbeidet.

Kommunepsykolog har sagt opp stillinga. Som straksordning blir det føreslått at psykolog ved PPT tek ansvar for kommunepsykologtenestene som kommunestyret har løyvd, 20 % stilling.

Arbeid med samorganisering og samlokalisering med PPT og barneverntenesta er i gang. Ny leiar skal på plass i 2018.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Arsverk	11	14	11
Tal personar	18	22	22

I tillegg kjøper kommunen jordmortenester tilsvarende ca. 100 % stilling frå Helse- Bergen.

Interne prosessar

Tenesta har behov for nye bærbare pc`ar for å arbeide meir effektivt ute på skulane. dette er lagt inn i budsjettet.

Tenesta ynskjer å auka digitaliseringa i tenesta i samsvar med overordna satsingar, og på den måten kunne kommunisere papirlaust og raskare med mellom anna fastlegar.

7 Helse og omsorg

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Helse og omsorg			
Sum utgifter	437 934 197	423 704 404	447 417 902
Sum inntekter	-91 402 932	-80 662 404	-90 167 902
Netto	346 531 265	343 042 000	357 250 000

Økonomi

Budsjettforslaget er basert på tildelt ramme frå Økonomiplan 2018-21, i tillegg til eit nedtrekk på 750 000 kr i budsjetttramme. Nasjonale føringar, gjeldande kommunal omsorgsplan og strategiske satsingar til kommunalavdelinga har vore styrande for prioriteringane som er gjort i budsjettprosessen. Innan dagens ramme er det søkt lagt opp til ein kvalitet på tenestene og pasienttryggleik som er i tråd med gjeldande forskrifter og lover. Helse og omsorg vil arbeida jamleg med fornying av tenestetilbod og standard, dekningsgrad og satsar for eigenbetaling. Dette i tillegg til forbetningsprosessar på tvers av nivåa i omsorgskjeda, som har til formål å skape meir robuste og differensierte tenester. Slike prosessar er også viktige for å utvida handlingsrom, som grunnlag for tenesteutvikling, kompetansehevande- og motiverande tiltak for tilsette.

Brukarperspektiv

Framtidige utfordringar er blant anna knytt til nye og fleire brukarar, fleire eldre og knappheit på kvalifiserte omsorgsytarar. I tillegg må ein ta på alvor utfordringane med samhandlingsreforma og innsatsen mot born og unge.

For å møte utfordringane må det satsast meir på førebygging og tenesteutvikling med endra fokus frå pleie til aktiv omsorg. Avdelinga vil også jobba med vidareutvikling av korttidstilbod og flytta ressursar frå institusjon til heimeteneste. Ein vil auka omfanget av vekselplassar for å gjere det mogeleg for eldre å bu lenger i sin eigen heim. I tillegg er det i tråd med økonomiplan tildelt midlar for å jobba førebyggjande innan avdeling for helsetenesta og avdeling for menneske med nedsett funksjonsevne. Andre tiltak som var skissert i økonomiplan 2017-2020 er og innarbeid i tildelt ramme.

Medarbeidarperspektiv

For å få engasjerte tilsette er det viktig å utvikla attraktive arbeidsplassar der ein legg til rette for kompetanseutvikling og fagleg fellesskap på tvers av profesjonar og nivå. Dette vert viktig saman med kontinuerleg haldningsarbeid. Vidare vil ein jobbe med å styrke rekruttering til fagstillingar i både heimetenesta og institusjon. Dette vert spesielt viktig med tanke på knappheit på ressursar i bransjen, og nye og komplekse oppgåver til kommunane. Auka omfang av årsturnus kan også betre rekrutteringsvilkår og attraktivitet.

Kommunen har no både kreftkoordinator og demenskoordinator, med koordinerande rolle mellom pasientar, pårørande, fastlegar og andre i helsetenesta.

Avdelinga vektlegg at det - spesielt med tanke på førebygging, effektivisering og kompetanseutvikling - er viktig å sikra ein best mogleg bruk av ressursar og kompetanse på tvers av avdelingar og områder. Dette skal me lukkast med ved god planlegging og organisering, dokumentasjon, informasjon og dialog.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	454,35	440,49	433
Tal personar	605	597	603

Interne prosessar

Fokusområde i 2018 vil bl.a. vera:

- Strategi 2025 –«Morgendagens omsorg i mine og dine hender» og operasjonaliseringen av denne i praksis
- Arbeid med kommunesamanslåing med Granvin
- Organisering av tenesteytinga og arbeidsflyten med utgangspunkt i brukarane sine behov, og ikkje dei fastsette strukturemmene
- Kvalitetsforbetring og pasienttryggleiksarbeid der det skal vera mogeleg å læra av avvika
- Fortsetja arbeidet med bevisstgjerung på alle nivå i organisasjonen knytt til økonomi- og ressursstyring
- Bruk av velferdsteknologi som naudsynt verktøy i tenesteytinga, og som kan bidra til auka kapasitet samt gjera det mogleg for brukarane til å ha eit meir sjølvstendig liv
- Styrke bruken av frivillige ressursar gjennom betre organisering og auka rekruttering

Ulike forbetringsprosjekt som del av verksemdsplan, t.d. kvalitet i sjukeheim, kompetanseheving innan ernæring, organisering av dagtilbod m.m.

7.1 Helse og omsorg stab

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Helse og omsorg stab			
Sum utgifter	16 005 124	16 770 023	18 105 437
Sum inntekter	-2 904 199	-2 231 000	-1 928 000
Netto	13 100 925	14 539 023	16 177 437

Økonomi

Staben skal arbeide kontinuerleg med å gje støttefunksjonar til områdeleiarar, kommunalsjef og andre i kommunalavdelinga. I 2018 vil ein arbeide vidare med å utvikla økonomisk ansvar på alle nivå, sikra eit velfungerande internkontrollsystem, forbetring av arbeidsprosessar som bidrar til å utvida det økonomiske handlingsrommet og auka kvalitet innan eksisterande rammer.

Staben vil ha ei aktiv rolle i å etablera og implementera planar som følgje av overordna strategi mot 2025 og prosjekt i verksemdplanen. Ein vil jobba med planar, kost-nyttevurderingar og analysearbeid for å setta fokus på dei viktige endringar i våre omgjevnader. I tillegg vil ein arbeida målretta med utvikling og tilpassing. For å lukkast med endringa vil ein vektlegge relevant kompetanse som mogeleggjjer denne omstillinga.

Brukarperspektiv

Stabsfunksjonen vil i 2018 arbeide vidare med å forbetra informasjon til ulike interessentar, bidra til ei meir profesjonell kommunalavdeling og jamleg forbetring av system og prosessar. Tenesteutvikling må skje i takt med endra behov og nye brukargrupper. Vidareføre kvalitetsforbetringsarbeid vert vurdert som naudsynt for å levera gode tenester og sikra pasienttryggleik. For å skape ei heilskapleg tilnærming til desse prosessane vert dette arbeidet koordinert frå utnemnde personar i staben.

Staben nyttar også ein del ressursar på sekretærfunksjonar for politiske råd, arbeidsgrupper og samarbeidsfora.

Medarbeidarperspektiv

For å møte utfordringar i framtida må staben arbeide aktivt for å finna gode tilbod og løysingar.

Staben skal bidra aktivt med fasilitering og lik tilnærming i høve ulike prosessar. Ved samansetning av prosjektgrupper vert det vektlagt å leggja grunnlag for å sikre forankring og framtidig bruk av viktig kompetanse på tvers av områda. Som det framgår av teksten til mange av områda under Helse og omsorg, er det stor vilje til endring, samarbeid og bruk av rett kompetanse.

Ein del av kompetansemidlane er fordelt ut på områda, medan ein del er budsjettert på stabsavdelinga. Det som er budsjettert på stab skal dekkje utgifter til opplæring og organisering av pårørande og frivillige, og kompetanseheving på utvalde satsingsområde. Dette medan ein ventar på at kompetansestrategi for kommunalavdelinga skal ferdigstillast.

Personalrådgjevar vil også jobba ein del med innføring av årsturnus der det er aktuelt, og for å fremja rekruttering av fagpersonar til ulike stillingar.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	10,9	9,73	8,4
Tal personar	13	12	11

Inkluderer i 2018 kommuneoverlege, delstilling smittevernlege og støttekontaktkoordinator

Interne prosessar

Staben vil vera nøydt til å jobba målbevisst mot å få eit meir strategisk og langsiktig fokus. Dette vil gi vinstar som betre tenestetilbod total sett. Staben må også jobba aktivt med å identifisera forbetringstiltak og mogelegheiter for å auka det økonomiske handlingsrom og sikra effektiv bruk av ressursar.

Staben vil også jobba med å vurdere bruk av velferdsteknologi og gode løysingar for dei ulike einingane og tenesta i kommunalavdelinga. Kommunalavdelinga må vidare jobba med samordning og vidareutvikling for å auka utnyttingsgraden av systema ein har i dag.

Staben vil også vera sentral i ulike arbeidsgrupper som skal jobba med eit framtidsretta arbeid for å bygga ein ny kommune fram mot 2020.

7.2 Avd. for legetenester

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Avd for legetenester			
Sum utgifter	43 286 322	28 892 239	37 778 100
Sum inntekter	-16 628 806	-15 220 805	-17 296 663
Netto	26 657 516	13 671 434	20 481 437

Økonomi

Helseavdelinga inneheld områda legevakt og kommunelegekontoret. Fokus i 2018 vil vera å sikra økonomisk stabilitet i legetenesta, både på legevakt og kommunelegekontoret. For å oppnå dette er det naudsynt med stabilitet i bemanning og føreseielegheit i drifta. Ein har hausten 2017 rekruttert legar til alle stillingar og ved inngangen av 2018 har ein eitt års erfaring med drift av heilskapleg interkommunal legevakt. For å sikre stabilitet på desse områda har det vore naudsynt med auka budsjett jf. Økonomiplan 2018-2021 for å kompensera for auka lønsnivå og styrka bemanning

Brukarperspektiv

Voss kommune vil også i 2018 ha eit interkommunalt samarbeid med Granvin om dekning av legetenester. Kommunelegar tilsett i Voss kommune vil dekke behovet for

allmennlegetenester til innbyggjarar i Granvin ved å ha fastlegepraksis på kontoret i Granvin nokre dagar i veka og resterande dagar ved kommunelegekontoret på Voss. Kommuneoverlege tilsett i Voss kommune vil også overta ansvaret og oppgåver som kommuneoverlege for Granvin herad frå 01.01.2018. Granvin vil dekke netto utgifter for dette tilbodet.

Medarbeidarperspektiv

Interkommunal legevakt er styrka på leiarsida med 20 % medisinsk fagleg ansvarleg, samanlikna med tidligare år. Dette er likevel i tråd med ambisjonane for interkommunal legevakt.

Samfunnsmedisinske oppgåver som miljøretta helsevern og smittevernoppgåver vil styrkast med ressursar i samsvar med tiltak i økonomiplan 2018-2021. Ein vil sjå på moglegeheit for interkommunalt samarbeid om miljøingeniør.

Kompetanseheving blant legar og sjukepleiarar i akuttmedisinforskrifta vil fortsetje i 2018. I tillegg vil ein gjennomføre naudsynt kursing og arrangere lokal konferanse for legevaktsområdet.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	7,58	7,48	7,22
Tal personar	10	10	10

Interne prosessar

Ein vil jobbe med å auke inntening for pasientaktivitet gjennom forbetring av rutinar og teknologisk hjelpemiddel.

I tillegg vil ein ha fokus på ulike tiltak for å betre kvalitet og arbeidsflyt.

7.3 Tildelingskontoret

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Tildelingskontoret			
Sum utgifter	5 393 329	4 877 390	5 416 511
Sum inntekter	-127 620	-60 500	-164 500
Netto	5 265 709	4 816 890	5 252 011

Økonomi

Tildelingskontoret har kontinuerleg fokus på å betre samarbeidet med dei ulike utførarledda i helse- og omsorg og spesialisthelsetenesta. På denne måten vil brukarane få tilpassa og riktig tenestetilbod, samtidig som ein reduserer økonomisk

belastning med betalingspliktige døger. Å få gjennomført best mogeleg pasientflyt er eit naudsynt verkemiddel for å yta gode tenester til alle brukargrupper. Dette er også med på å gi rom for at fleire kan få tilgang på våre tenester.

Også i 2018 er det sett av budsjettmidlar disponibelt til å handtere akutte situasjonar som kan nyttast av heimetenesta/korttidsavdelinga for å styrka utførarledda i korte periodar. Slik kan kommunalavdelinga klare å ta i mot etterspurnad frå utskrivingsklare frå spesialisthelsetenesta. Ein føresetnad for ei slik fordeling er at utgifter til betalingspliktige døgn er lågare enn budsjettsummen.

Brukarperspektiv

Med utgangspunkt i dette er det viktig å ha kontinuerleg dialog med brukarane om behov, meistringsevne og mogeleg samarbeid med pårørande. Fokus på det friske i mennesket er sentralt i vurdering og tildeling av tenester. Denne informasjonen saman med heimebesøk, innhenting av andre opplysingar og bruk av dei styrande tildelingskriteriene vil vera med på å sikra best mogeleg individuell, tverrfagleg og rettferdig handsaming av søknaden og tildeling av tenester.

Auka søknadsmasse viser at det er auka etterspurnad etter tenester innan helse og omsorg. Dette er ein konsekvens av større brukargrupper saman med aukande forventingar frå brukarar og pårørande om offentleg hjelp.

For å nå målsettinga er det viktig at alle vedtak er tidsavgrensa og blir kontinuerleg vurdert i omfang og type tildelt teneste. Årleg evaluering etter tilbakemelding frå utførar. For å forvalta knappe ressursar på ein god måte er det viktig med vedtak som samsvarar med noverande hjelpebehov og førebygger auke i behov.

Medarbeidarperspektiv

Tildelingskontoret har i dag 4,8 årsverk, fordelt på leiar, sakshandsamarar og merkantil. Sakshandsamar i 80 % har i tillegg 20 % stilling i forhold til makt og tvang. Ein har styrka bemanninga på kontoret noko i 2017. Dette har gitt tildelingskontoret større rom for forbetringar og vidareutvikling.

Tildelingskontoret har eit godt og sterkt tverrfagleg team med vidareutdanna sjuke- og vernepleiar, jurist og fysioterapeut med master. Høg kompetanse på mange ulike felt er viktig i vidare utvikling, slik at ein kan handtere utfordringar i framtida.

Medarbeidarane vil på grunn av si sentrale rolle i tildeling, delta i ulike forbetningsprosessar i kommunalavdelinga også i 2018.

Tildelingskontoret har ansvaret for koordinerande eining, og driv kontinuerleg opplæring av koordinatorar. Voss kommune starta med elektronisk IP i 2017, og opplæring i bruk av elektronisk IP vert gjort kontinuerleg.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	5,5	4,3	5

	2 018	2 017	2 016
Tal personar	7	6	6

Demenskoordinator er no organisert under Tildelingskontoret

Interne prosessar

Ein vil fortsetja arbeidet med å effektivisera sakshandsaminga, betra struktur og arbeidsflyt samt å ta aktivt i bruk tildelingskriteriene i alle ledd. Til dømes kan kvar sakshandsamar få ansvar for alle tenestene i eit område, institusjon og heimeteneste. Dette kan gje betre arbeidsflyt, gjera det lettare å føresjå utviklinga, og områda vil få ein kontaktperson. Suksessfaktor for riktig tildeling av tenester er godt samarbeid på tvers og gode rutinar.

Innføring av plassadministrasjon i Gerica gjer at oversikt og planlegging av institusjonsplassar vert på ein meir effektiv og tidssparande måte. Dette til fordel både for tildelingskontoret og utførarledda.

Strategi mot 2025 samt endra og meir komplekse utfordringar, gjer det naudsynt å jamleg revidere tildelingskriteria og omsorgstrappa.

Fleire måleindikatorar både i forhold til saksbehandling, vedtak, utskrivingsklare o.l. skal takast i bruk. Dette er viktig styringsreiskap internt og eksternt.

7.4 Område vest

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Område vest			
Sum utgifter	115 276 524	107 220 770	113 956 884
Sum inntekter	-22 514 750	-21 477 068	-22 486 000
Netto	92 761 774	85 743 702	91 470 884

Økonomi

Område Vest (OV) opplever auka etterspurnad etter tenester og søker tilpassa drift etter dette. Ein arbeider kontinuerleg for å finna handlingsrom innanfor eksisterande ramme for krevjande brukarar og uforutsigbare tal utskrivingsklare frå spesialisthelsetenesta, som reiser heim med hjelp frå heimetenesta. Brukarane inne på institusjonen er venta å ha større hjelpebehov enn tidlegare. I leiarmøte 3.kvar veke er det fast gjennomgang av rekneskap opp mot budsjett. Målet er at alle avd.leiarar har god kjennskap og forståing av eige rekneskap og budsjett. Avd.leiarane rapporterer skrifteleg i Visma kvartalsvis. Sjukefråværsoppfyljing er noko avd.leiarane fyljer tett, mål for 2018 er reduksjon i sjukefråvær tilsvarande tall frå 2016. For å klare det vil ein ha fokus på tilrettelegging, oppfølgingsamtalar med lege og tilsett, tilretteleggingsplan, tillitsvalte og NAV. Det er planlagt oppstart av årsturnus, noko som gjer planlegging i bruk av personale betre og at det vil redusere vikarbruk

Brukarperspektiv

Kvalitet i sjukeheim er eit prosjekt ein vil hente gevinst ut av i 2018, det skal heve kvaliteten og sikra pasientsikkerheita ved institusjonen og me skal arbeide aktivt ut i frå veileiar til forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenesta. Her skal det vere system og prosedyrar på det alle gjer i avdelingane. Overføringsverdien er stor til andre avdelingar. Avdelinga deltar også i prosjekt FRISKUS; Bruk av frivillige – helsefremjande og livsglede, som pilotprosjekt deltar avdelinga i utarbeidinga av verktøyet. Oppstart av fullversjon er jan 2018. Aktivitetstilbodet for brukarane er venta å auke i samband med FRISKUS samt auka nærværet og informasjonen ut til pårørande.

«Ut på tunet» tilbodet vil fortsetja, då det skapar trivelege stunder for brukarar og pårørande.

Avdelinga vil ha fokus på auka brukarmedverknad og heile personale skal stille «Kva er viktig for deg?» spørsmål til brukarane. Ein vil jobbe med å trygge brukarar til å bu lenger heime med heimeteneste.

Medarbeidarperspektiv

Sjukepleiarane ved sjukeheimen vert omorganisert og fordelt avdelingsvis. Ein vil i 2018 innføra årsturnus. Som eit ledd i dette vil ein sjå på døgnrytmeplanen. God turnusplanlegging kan ha ein positiv rekrutteringeffekt.

Vidareutvikling av leiarane gjennom kompetanseheving, rettleiing og gjennom kontinuerleg oppfølging og bistand i driftsrelaterte situasjonar. Leiarane skal gjennomføra medarbeidarsamtale med alle tilsette som har meir enn 40% stilling. Ein vil vidare jobba med utvikling av arbeidsmiljø og -kultur med å auka relasjonar mellom alle tilsette gjennom sosiale aktivitetar, gjennomføring av LAMU kvar 6 veke og vidareutvikla fagkompetanse blant dei tilsette.

Ein opplever i aukande grad brukarar i heimetenesta med kognitiv svikt. Kompetanseheving i demensomsorgens ABC for heimetenestene, vert prioritert i 2018.

Vidare vil ein jobbe med å rekruttera/behalda gode medarbeidarar ved å ha eit aktivt arbeidsmiljø med bevisste medarbeidarar som har fokus på fag og kvalitet.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	137,39	128,71	131,58
Tal personar	170 +41 vakante	152 +40 vakante	169+47

Interne prosessar

Vaksdal er frå 2017 inkludert i ØH-tilbodet. Kriteria for ØH-tilbodet vert også utvida til gjelde psykiatri/rus og det er venta auka bruk av tilbodet. Nytt alarmsystem og velferdsteknologiplatform ved Voss Sjukeheim vil vera på plass i 2018. Ein vil også få

betre oversikt, lettare brukarflyt og samarbeid med tildelingskontoret ved bruk av plassadministrasjon i Gerica. Journalsystemet Infodoc for legeverksemd vert innført på sjukeheimen.

Avdelinga vil arbeide med ei rekkje tiltak og prosessar for å sikra kvalitet: Prosjekt; Kvalitet i sjukeheim, Tavleprosjekt for dagleg kvalitetssikring av arbeidsprosessane, sjukepleiarlunsj kvar veke og framhald med internundervisning og avdelingsmøter 1 gong i månaden. Avdelinga skal ha fokus på miljøtiltak ifht skapa gode måltidsstunder for brukarane.

Ein vil reindyrke arbeidsoppgåver i heimetenesta, ved å rydda i oppgåver som ikkje er lovpålagt eller bør utføres av andre. Me vil bidra med å vri tenestene frå institusjon til heimetenesta.

7.5 Område aust

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Område aust			
Sum utgifter	83 172 303	82 872 422	84 781 319
Sum inntekter	-18 108 385	-17 476 500	-16 968 500
Netto	65 063 918	65 395 922	67 812 819

Økonomi

Fokus i 2018 vil vera å i større grad vurdere aktivitetsnivå i sjukeheimsavdelingane sett opp mot behovet for å kunne yte tenester i heimen. Med auka fokus på at innbyggjarar skal bu lengre heime, må det vurderast om det skal flyttast personalressursar frå institusjon til heimetenestene.

Avdelinga vil også nytte ressursar slik at ein tar høgde for større kompleksitet i tenester utført i private heimar, både med tanke på førebygging og raskare utskrivning av pasientar frå spesialisthelsetenesta. Omgjering av hjelpepleiarstillingar til sjukepleiarstillingar.

Oppgradering av IT-utstyr må gjerast kontinuerleg for å sikre effektiv drift og kommunikasjon. Ein vil vurdere utvida bruk av omsorgsteknologi knytt opp mot ny plattform (ATEA). Innføring av nytt alarmsystem i institusjon kan gje mogelegheit for å nytta ressursar på nye/andre område.

Bygningsmassen bør oppgraderast, både inne og ute, og ein må prioritere utskifting av elektrisk utstyr som kvitevarer og medisinskteknisk utstyr.

Brukarperspektiv

Avdelinga vil jobbe med å legge til rette for at innbyggjarar kan bu lengre i sin eigen heim, ved å tilpasse tenester og ta i bruk omsorgsteknologi for å gjere brukarar meir

sjølvhjelpne. Ein vil også prøve ut medisineringsstøtte til ei gruppe heimebuande. Effekten ved bruk av teknologi må vurderast jamleg, både når det gjeld tidsbruk for personalet og om brukar oppnår større grad av sjølvstende.

Ein vil ta i bruk Pasientsikkerhetsprogrammet om riktig legemiddelbruk og underernæring, noko som skal auka kompetanse hjå tilsette og auka kvaliteten på tenestene. Avdelinga vil også rette fokus på måltidet sine mogelegheiter.

Vidare vil ein auka satsing på aktivitet i institusjon: bl.a. vidare oppgradering og auka bruk av hagen, tilby ulike kulturarrangement og fysisk aktivitet.

Oppsummert vil ein tilby trygge tenester gjennom kompetent personale.

Medarbeidarperspektiv

Avdelinga vil arbeide med å auka nærvær og meir bevisst ressursstyring for å kunne sette inn ekstra ressursar ved behov. Dette krev bevisstgjerjing av personalet for å få forståing for tankegangen. Ein vil også jobbe med å rekruttere/behalde dei beste medarbeidarane ved å ha eit aktivt arbeidsmiljø med bevisste medarbeidarar som har fokus på fag og kvalitet.

Ein vil prøve ut modell med fire avdelingsleiarar i institusjon, 50/50 som leiar og sjukepleiar i avdeling, i staden for 2 i 100 % leiarstilling. Målsettinga er at leiarskap som går tett på personalet kan bidra til å få ned sjukefråvær og gje meir stabile og føreseielege tenester.

Eitt årsverk er flytta til område Nord slik at tilsette der no vil handtera brukarar av heimeteneste i sitt område.

Eit satsingsområde er kompetanseheving i demensomsorg både i institusjon og i heimetenestene, med gjennomføring av opplæringsprogrammet «Demensomsorgens ABC» for ei større personalgruppe.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	99,36	99,99	95,79
Tal personar	137+26	139+24	138+23

Vakante stillingar er med i årsverk sidan desse er med i tenesteutøvinga. Dei er synleggjort med + 26 og +24 i oversikten over personar.

Interne prosessar

Avdelinga vil auke bruken av individuelle turnusar for å auka jobbtilfredsheit hjå tilsette.

Ein vil også vurdere å endre døgnrytmeplan og turnusar for å fordele måltid over fleire av timane i døgnet, då nattfasten er for lang for mange.

Avdelinga vil jobbe med å følgje opp risikovurdering og risikoområde som er avdekka i risikokartlegginga i 2017. Ein vil sette i verk tiltak for å redusere risiko for styringssvikt, feil og manglar i interne arbeidsprosessar. Fokus vil vidare vera på førebygging av fall, handtering av legemiddel og ernæring.

Implementering av avvikssystem der alle avvik vert registrert og behandla elektronisk, vil også stå i fokus i 2018. Elektronisk registrering kan auka omfanget slik at ein har betre grunnlag for forbetningsarbeide.

Vetleflaten vil også ta i bruk nytt alarmsystem i institusjon på alle avdelingar, noko som kan bidra til betre pasienttryggleik.

7.6 Område nord

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Område nord			
Sum utgifter	27 181 505	26 920 816	27 912 390
Sum inntekter	-5 582 664	-5 384 500	-5 444 500
Netto	21 598 841	21 536 316	22 467 890

Økonomi

Område nord vil i 2018 fokusera på god økonomistyring. Dette skal gjerast gjennom jamleg oppfølging av månadsrapportar og nøye vurderingar i høve innkjøp, vikarbruk og andre utgifter. Det må heile tida prioriterast korleis ein skal nytta dei økonomiske ressursane ein har. Me har eit ynskje om å styrke heimetenesta i området vårt. Det er auka trong for pleie og oppfølging i heimen. I tillegg er dagaktivitetstilbodet vårt populært, der transport er ein stor del av kostnaden. Dette er likevel eit viktig tilbod i høve førebygging slik at personar skal få bu lengst mogeleg heime. Institusjonen er 13 år gamal så me ser ein del slitasje på inventar og utstyr, spesielt elektriske varer, så her er det behov for å bruka noko ressursar på utskifting.

Brukarperspektiv

Område nord satsar på god kvalitet og kontinuitet i arbeidet. Me erfarer stadig at brukarane i heimetenestene kjem frå sjukehus med store og til dels komplekse hjelpebehov. Dette stiller krav til oss som tenesteutøvar. Måla våre for brukarane, både i institusjon og heimetenestene, er å så godt som mogleg oppretthalde og gjerne betra funksjonsnivå, samt skapa tryggleik og trivsel. Me vil skapa aktivitet på institusjonen med konsertar, dagtilbod, faste songstunder, speletid, sosiale samkomer og turar ute i høve årstida. Me vil oppretthalde det gode samarbeidet med dei pårørande. Naboar, lokale lag og foreiningar er flinke til å koma på besøk å skapa aktivitet hjå oss. Dette er viktig for trivsel og livskvalitet for våre bebuarar. Me ynskjer også å inkludera bebuarane i omsorgsbustadane som ligg like ved til ulike samkomer og aktivitetar på Omsorgstunet.

Medarbeidarperspektiv

Fagleg dyktige og fornøygde tilsette er svært viktig for å sikra best og mest mogeleg effektiv drift. Mange av dei tilsette likar å gå i turnus som omfattar både heime- og

institusjonsdrift. Det er svært nyttig både for kompetansen og for drifta å kunne nytte personale på tvers av heimeteneste og institusjon. Me har årleg gjennomgang av prosedyrearbeid og kvalitetsutvikling. Internundervisning og fagdagar i turnusen er også viktige komponentar for å ha høg fagleg standard. I tillegg satsar me på sosiale samkomer på fritida slik at personale har eit ekstra godt samarbeid med kvarandre. Utfordringane framover er å rekruttera høgskuleutdanna og fagutdanna personell til ledige stillingar. Nytenking og rekrutteringsfremjande tiltak må prioriterast for å få den rette tilsette. Me har også nokre tankar og idear til strukturendringar for ein meir effektiv arbeidskvardag som gjev både brukarane og dei tilsette eit betre tilbod og god kvalitet.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	33,67	32,91	32,33
Tal personar	49 +9 vakante	51 + 6 vakante	50 +6 vakante

Interne prosessar

Det er viktig å leggja til rette i heimane og inkludera pårørande i opplegg kring sine brukarar ved tilbod om meir tilsyn i heimen, dagaktivitetstilbod, matombringning, heimehjelp, avlastning, vekselsopphald i institusjon m.m. Det er viktig at ein brukar skal få rett hjelp til rett tid og få bu heime så lenge som mogeleg så lenge det er forsvarleg. For at dette skal realiserast må me tenkje nytt i korleis me utøver tenester framtida. Det er viktig å spele på lag med frivillige organisasjonar, som me har mange av i kommunen, og som gjer ein framifrå jobb mange stader. Velferdsteknologi med nytt alarmsystem skal snart takast i bruk på omsorgstunet, noko som kan gi nye mogelegheiter for bebuarar og tilsette. Ny teknologi kan gjera brukarar meir sjølvstendige og tryggare. Likevel vil me ha fokus på medmenneskeleg kontakt og ei varm hand å halde i.

Heimetenesta for område Nord vil frå 2018 handtera eigne brukarar på kveld. Det vil seie at ein gjer om på at dette har delvis vore dekkja av Aust.

7.7 NAV

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
NAV			
Sum utgifter	21 905 476	26 687 492	26 509 507
Sum inntekter	-1 236 810	-841 031	-953 031
Netto	20 668 666	25 846 461	25 556 476

Økonomi

NAV vil prioritere å få folk i arbeid og aktivitet, og færre på passiv stønad. Sosialhjelp er i hovudsak støtte til hushald, livsopphald, straum, barnehage/SFO og tannlege. Pr okt. har 37 personar sosialhjelp som hovudinntekt. Målet for 2018 er at ikkje meir enn 25 skal ha sosialhjelp som hovudinntekt. 80 % av dei som i dag har sosialhjelp skal avklarast mot arbeid, AAP eller uføre. NAV nyttar staten sine satsar.

Ein del innbyggjarar har sosialhjelp som supplerande inntekt, målet er gjennom oppfølging å auka arbeidsinntektene til desse brukarane. Statistisk kjem 30 % av flyktningane etter avbrote eller avslutta Introduksjonsprogram til NAV.

Budsjettet vart i 2017 styrka i forventna auka sosialhjelp til denne gruppa. NAV har lukkast med å redusere utbetalinga av sosialhjelp dei siste åra, men som venta har desse stege kraftig (30%) i 2017. Det er likevel innsparingar mot budsjettet og det gjer at ein vel å redusere budsjettet for 2018 noko.

Brukarperspektiv

Hovudsatsinga er å få folk i arbeid og å ha ei tett og god oppfølging. Ein vil jobba særskilt mot dei under 30 år. I dag har vi 19 under 30 år som har sosialhjelp som hovudinntekt i meir enn 8 veker, målet for 2018 er 10.

Målretta innsats for å få brukarar over på andre ytingar, har redusert utbetalingane. Målet er 14 personar i kvalifiseringsprogrammet.

27 brukarar får kontostyring (sept. 2017). Vi vil til ei kvar tid ha innbyggjarar som har behov for gjeldsrådgeving. Ventetida for å få rådgeving var i 2016 6 mnd., noko som no er redusert til 3 mnd. NAV jobbar målretta med å få ned ventetida på gjeldsrådgeving til maks 5 veker.

Ein del brukarar vil få hjelp til å skaffa midlertidig bustad. Det skal vera ei sjølvstendig bueining som dekker brukar sine behov. Å finna eigna husvære til familiar med fleire born, bustad i helger og høgtider er spesielt krevjande. Etterspurnaden etter kommunale bustader er stor, og den vil auka med fleire flyktningar og familiegjenforeiningar.

Medarbeidarperspektiv

Tenestene i NAV skal vera mest mogleg likt utført. NAV vil i 2018 vidareføre kanalstrategien, der ein skal flytta mykje av kontakten med brukar over på nettbaserte tenester og telefon. Etter kvart som NAV digitaliserer, må NAV Voss tilpasse seg og implementere nye løysingar. Vi planlegg og å gjennomføre elektronisk handsaming av sosialhjelpsvedtak. Innføring av ny teknologi set krav til at tilsette i aukande grad må endra arbeidsmåtar og bli meir utadretta. Tett og tillitsfullt samarbeid mellom tillitsvald, verneombod og leiing er viktig. I 2018 vil vi framleis jobba med å auka kompetanse om arbeidsmarknaden og styrka rettleiarrolla

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	11,2	11,73	10,32
Tal personar	12	13	12

Interne prosessar

NAV vil fortsetje med å følgje opp ekspertutvalet sine konklusjonar og jobbar mot større og meir myndige NAV kontor. Leiarutviklingsprogrammet vil halde fram i 2018.

Mest mogeleg av ressursane på kontoret bør nyttast til gode brukarmøter, møta bør vera avtalte på førehand og kunne skje i heile arbeidstida. Nye IT- løysingar gjer at antal ad hoc hendvingingar blir kraftig redusert. Vi ynskjer å vurdera ei løysing kor t.d. mottaksarealet er ope heile dagen med tilgang til pc-ar mm, men kor ekspedisjon av ad hoc hendvingingar skjer i eit avgrensa tidsrom. Slik frigjer vi ressursar og vil gje betre service til alle brukarane. NAV arbeider med konkrete tiltak for å styrka samarbeidet med Flyktning og Rus/Psykiatri avdelingane slik at arbeid/utdanning blir førstevallet som verkemiddel for å verta integrert.

NAV er oppteken av effektiv arealbruk og tryggleik for tilsette og brukarar. For å nå målsettingar og ha betre lokale vurderer NAV å flytta til Knutepunktet.

7.8 Avd for menneske med nedsett funksjonsevne

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Avd. for menneske med nedsett funksjonsevne			
Sum utgifter	74 804 736	70 332 780	76 802 917
Sum inntekter	-13 616 885	-11 069 500	-15 679 200
Netto	61 187 851	59 263 280	61 123 717

Økonomi

Behovet for tenester aukar i 2018 målt opp mot starten av 2017. . Det er spesielt stort behov for avlastning og dagtilbod, jf. tiltak i økonomiplan. I same økonomiplan er det og ønskje om å skaffa betre bustader til eldre med omfattande hjelpebehov.

Avdelinga har fleire nye brukarar i tillegg til aukande behov hjå eksisterande brukarar 8-9 personar har udekkta behov for bustad med livsløpsstandard. Dei har aldersrelaterte problemstillingar, utfordrande åtferd og treng større omfang av stell og pleie enn tidlegare. Dette krev rett kompetanse og rettleiing av tilsette.

Det er store variasjonar i fråvær, men langtidsfråværet er høgt og ressurskrevjande. Avdellinga legg vekt på godt miljøarbeid for å gi brukarane dei beste mogelegheitene til eit sjølvstendig og trygt liv. Fokus framover er meir fysisk aktivitet, betre ernæring

og redusert bruk av tvang og makt

Brukarperspektiv

Brukardeltaking og individuell tilrettelegging, samarbeid på tvers av avdelingane bruk av frivillige og velferdsteknologi vil vera i fokus.

Nye lokale på Nyhagen aktivitetssenter gjev nye mogelegheiter og godt tilbod til brukarane, men det er behov for eit eige tilbod til eldre utviklingshemma. Det er også mangel på tilrettelagt arbeid for ungdom då varig tilrettelagte arbeidsplassar (VTA) er avgrensa.

Etterspørsel etter avlastning er stor. 23 brukarar får tilbod i avlastingsinsititusjon, der 4 av desse er nye i 2017. I tillegg har me 8 private avlastingsfamiliar. Villa Gjerdebu har auka kapasiteten, og kan no dekke eit større brukarbehov med meir ressursar. Dette er førebyggjande tenester som kan utsetja behovet for meir omfattande tenester, og er med å gi brukarane ein meningsfull kvardag og pårørende eit pusterom. Tilrettelegging av 4 nye bustader på Lekvebakken er snart fullført. Her må ein ha ressursar til drift. Fleire personar har likevel takka nei til eigen bustad der i 2017.

Medarbeidarperspektiv

Det er behov for at leiarane får meir tid til leiing. Avdelingsleiar skal vera tett på personalgruppa for å redusera fråvær, auka fokus på bruk av kompetanse til det beste for brukar, samarbeid, rekruttering og nytenking. Høgt sjukefråvær i enkelte einingar og mange som treng tilrettelagte eller andre arbeidsoppgåver krev mykje ressursar. Avdelinga har med stort hell flytta tilsette til andre avdelingar når fråværet er arbeidsrelatert. Ein vil auka fokus på dei som alltid er på jobb.

Det er utfordrande å få tak i rett kompetanse. Me arbeider og mykje med å få til turnusar som gagnar brukar og tilsett, og har mange alternative turnusar. Mangel på fagpersonell fører til kostbare løysingar.

Kompetanseheving er viktig, og vil gi trygge tilsette. Me oppmodar tilsette til å ta nettbaserte kurs, fagutdanning og vidareutdanning. Rettleiing og samarbeid med spesialisthelsetenesta gjer tilsette tryggare og til betre miljøarbeidarar. Fleksibilitet på tvers av avdelingar er avgjerande for drifta

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	91,84	91,17	87,87
Tal personar	131 +30,2 vakante	133 +31 vakante	125 + 30 vakante

Interne prosessar

Arbeid med utbygging av omsorgsbustader på Lundhaugen er i gang, jf. økonomiplan. Dette vil gi betre tilbod til brukarane og betre arbeidstilhøve for tilsette.

I avdelinga arbeider leiarane tett og deler både tilsette og erfaringar, me har stort

fokus på dette og samarbeid med andre einingar. Å bruka kompetansen på rett plass til ei kvar tid vil heva tilbodet vårt. Me må kontinuerleg arbeida med rekruttering på nye måtar då behovet for tenester aukar og det er knappheit på ressursar.

Velferdsteknologi og nye arbeidsmåtar skal vera med på å gi brukarane meistring, sjølvstende og tryggleik. Avdelinga har teke i bruk noko velferdsteknologi og held på med kartlegging for å få avdekka behovet hjå den enkelte. Dette kan gi brukarar fridom og sjølvstende og tryggleik.

Samarbeid med frivillige og private bedrifter er viktig, både for å skaffa arbeid men og for å finna nye sosiale arenaer som kan bidra til gode liv

7.9 Rus- og psykiatriavdelinga

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Rus- og psykiatriavdelinga			
Sum utgifter	17 741 284	17 583 762	19 483 748
Sum inntekter	-2 168 716	-1 389 000	-2 647 008
Netto	15 572 568	16 194 762	16 836 740

Økonomi

Rus og psykiatri opplev auke i etterspurnad etter tenester, men ein planlegg å handtere dette innan eksisterande rammar. For å oppretthalde god kvalitet i tenesta i ferieavviklingsperiodar, ser ein større behov for bruk av vikarar. Internt har midlar blitt allokert meir mot gruppetilbod.

Avdelinga har fått tilskotsmidlar frå fylkesmannen til utvikling og vidareføring av arbeid med kommunalt rusarbeid og tilbod til vaksne, barn og unge med langvarige og samansette hjelpebehov innan psykisk helse og rus. I tillegg til overføring av ubrukte midlar for 2016, har eininga fått tilført 1,9 mill. Deler av dette vil bli nytta i 2018.

Brukarperspektiv

Det vert i 2018 satsa på auka brukardeltaking og kvalitetsheving i alle ledd.

Miljøarbeid og bustadretta tenester til rusavhengige er fortsett prioritert, og det er fokus på førebyggjande arbeid. Auka strukturering av samhandling med andre einingar vert planlagt for å sikre en betre heilskapleg oppfylgning og auka brukarar sin moglegheit for deltaking.

Gruppetilbod fortsett i 2018. Nye gruppetilbod frå spesialisthelsetenesta etter omlegging Bjørkeli, gjer det nødvendig å vurdere behovet fortløpande slik at tilboda er komplimentarande. Tilbodet frå rus og psykiatri inkluderer pårørandegruppe, treningsgruppe, matgruppe for rusavhengige, meistrings- og sjølvhjelpskurs, turar og

kreative aktiviteter.

Medarbeidarperspektiv

Det skal vere fokus på gode arbeidsrutinar, fleksibilitet og samhandling. Fortsatt tilrettelegging og støtte til kompetanseheving for tilsette.

Fem tilsette i midlertidig stilling vil bli finansiert gjennom midlar frå fylkesmannen. Midlertidige stillingar gjer utfordringar i rekruttering og når det gjeld å halde på gode medarbeidarar.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	26,35	24,35	23,57
Tal personar	32 + 3 vakante	30 + 2 vakante	31 (0 vakante)

Det er fleire prosjektstillingar som er med i årsverk, men det er ikkje tilsett personar i dei endå.

Interne prosessar

Rus og psykiatri vil ha eit sterkt fokus på evaluering og forbetring av rutinar og prosessar både internt og opp mot andre einingar. Ny teknologi, som elektronisk medisinutlevering, kan skapa rom for andre tilbod enn i dag. Kompetanseheving knytt mot brukarmedverknad vil vere eit satsingsområde.

8 Rådmannen sin stab

Driftsrapport - endeleg

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Rådmannen sin stab			
Sum utgifter	56 368 290	52 264 134	53 184 134
Sum inntekter	-11 937 317	-5 700 134	-5 700 134
Netto	44 430 973	46 564 000	47 484 000

Økonomi

EUs forordning for personvern blir norsk lov i 2018. Dette får konsekvensar for stillingskabalene i Voss kommune. Det nye regelverket som trer i kraft i mai 2018 styrker ordninga med personvernombod. Regelverket lovfester kva rolle og oppgåver ombodet skal ha, og gjer ordninga obligatorisk for Voss kommune. Personvernombodet organiserast i Informasjonsavdelinga som ein 50% stilling, og finansierast innan ramma for rådmannen sin stab.

Funksjonen som beredskapskoordinator har i mange år vore lagt som ei oppgåve til anna stilling i kommunen og betalt som eitt månadsverk. Rådmannen ynskjer å styrke arbeidet med beredskap. Samstundes er det eit behov for å styrke internkontrollarbeidet, og rådmannen ynskjer å sjå desse to områda samla. Ein stilling for beredskap og internkontroll vert oppretta i rådmannen sin stab og finansiert innan eksisterande lønsramme.

Brukarperspektiv

Rådmannen sin stab har ansvar for følgjande område:

- Prosjektavdeling: prosjektstyring og innkjøp
- Personale og organisasjon: personale, løn, pensjon, refusjon, HMS, internkontroll, verksemdskontroll
- Informasjon: IKT, informasjon, servicetorg, dokumentssenter, politisk sekretariat
- Økonomi og analyse: rekneskap, fakturering, innkrevjing, skatt, overordna planlegging og miljøvern

Informasjon til tilsette og innbyggjarar er ekstra viktig framover, med tanke på at Voss herad etablerast og organiserast. Ein god del arbeid være knytt til informasjon, særleg inn mot tilsette i Granvin og Voss.

Medarbeidarperspektiv

Delar av stillingane i prosjektavdelinga vert finansiert av investeringsprosjekt.

I årsverkstala er det inkludert årsverk for overordna planlegging, naturforvaltning og friluftsliv.

I tillegg kjem lønsmidlar til frikjøp av 5 tilsette hovudtillitsvalde og hovudverneombod, samt løn for 3 tilsette i varig tilrettelagt arbeid på tinghuset. Varig tilrettelagt arbeidsplassar er auka til 2,1 årsverk, mot 1,7 i 2017. Tal tilsette i desse stillingane er som før.

Frikjøpsressursen er auka frå 2,96 årsverk i 2018, mot 2,93 årsverk i 2017. Dette har med tal medlemmer i dei største arbeidstakarorganisasjonane.

IT har tilsett i ein stilling som vert delt med kommunalavdeling oppvekst. Stillingsauken er tatt innanfor ramma til rådmannen sin stab.

Det er budsjettert med nytt personvernombod i 50% stilling. Lovkravet er at alle kommunar skal ha dette på plass innan mai 2018.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	38	37	35
Tal personar	41	40	37

Interne prosessar

Førebuing av Voss herad, med nedlegging av Voss kommune kjem i gang for fullt i 2018. Dokumentsenteret og IT har arbeid med førebuing over tid, men arbeidet vil intensiverast i 2018, slik at ein kjem i mål i løpet av 2019.

Ny lov om personvern og personvernforordning trer i kraft i mai 2018. Ein god del resursar vil bli nytta til å tilpasse rutinar og retningslinjer som ein konsekvens av dette.

9 Kultur og fritid

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Kultur og fritid			
Sum utgifter	57 272 695	50 114 817	47 465 774
Sum inntekter	-22 084 610	-15 234 847	-13 172 572
Netto	35 188 085	34 879 970	34 293 202

Økonomi

Alle avdelingane i kommunalavdelinga har mindre endringar frå 2017 til 2018. Dette med nokre få unntak:

- Ungdomsarbeid har ein auke i inntekter knytt til kunnskapsprøve for alkohol
- Kulturhuset har bortfall av inntekter frå utleige til Voss gymnas
- Idrett og folkehelse har bortfall av inntekter og utgifter knytt til offentleg bading
- Auke i tilskot til Vossajazz etter vedtak i økonomiplanen

Brukarperspektiv

Kulturlivet vil oppleve at dei får nye tilbod og nye aktivitetar. Ventelister på kulturskulen vert oppdatert, lagslivet vil kunna registrera seg og arbeida via kommunen sine oppdaterte heimesider.

Kartlegging av det frivillige lagslivet er gjennomført, og resultatane frå spørjeundersøkinga vil verta følgt opp i 2018.

Det lokale lags- og kulturlivet vil verta invitert inn i nye samarbeid med fokus på å nå måla i kulturplanen.

Medarbeidarperspektiv

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	31,7	30,8	30,0
Tal personar	47	50	51

Interne prosessar

Nytt system or koordinering av den kulturelle skulesekken vil vera operativt frå 2018. Det same vil gjelda for søknadssystemet for spelemidlar.

9.1 Kommunalstab

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Kommunalstab			
Sum utgifter	17 682 066	19 872 314	18 071 197
Sum inntekter	-2 104 364	-3 636 500	-1 236 500
Netto	15 577 702	16 235 814	16 834 697

Økonomi

Kulturtilskota har ikkje vore prisjustert sidan kommunalavdelinga vart oppretta hausten 2011. Nokre enkelttilskot har vore oppjustert i perioden, samstundes som tilskot til lokalt lagsliv (pott) tidlegare år har vorte redusert i samband med budsjettkutt. Konsumprisindeks i perioden august 2011- august 2017 er på 13,7%, noko som utgjer ca kr 350 000. Ei oppauke i kulturmidlane som tilsvarar reell prisauke vil koma heile det lokale lagslivet til gode (sjå kulturplanen side 27). Kommunalavdelinga har ikkje funne rom for denne auken innanfor tildelt ramme.

Brukarperspektiv

Frivillige lag og organisasjonar i bygda kan registrera seg på kommunen sine nye heimesider og får på denne måten tilgang til informasjon om relevante utlysingar av midlar osv.

Kultur og fritid skal revidera kommunedelplan for kulturminne. Den nye planen skal vera ein temaplan. Me ynskjer å involvera innbyggjarane på Voss mellom anna med eit ope oppstartsmøte.

Medarbeidarperspektiv

Inga endring frå i fjor.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	4,1	4,1	4,1
Tal personar	6	6	6

Interne prosessar

Det vert gjort avtale med Ksys som system for å administrera Den kulturelle skulesekken lokalt i løpet av hausten 2017, noko som vil letta koordineringa av tilbodet i 2018.

9.2 Idrett og folkehelse

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Idrett og folkehelse			
Sum utgifter	11 774 444	4 179 933	2 654 770
Sum inntekter	-7 667 275	-325 374	-204 300
Netto	4 107 169	3 854 559	2 450 470

Økonomi

Det vart i 2017 gjeve tilskot til folkehelsearbeid for kommunane på 145.000. Det er ikkje avgjort om dette vert vidareført, og dette er utelete i budsjettet. Offentleg bading ved Voss ungdomsskule blir ikkje vidareført etter bygginga av Vossabadet. Økonomiske konsekvensar av dette er teke omsyn til.

Det er lagt inn ei auke i grunnleiger knytt til prisauke og ny travbane.

Brukarperspektiv

Avdelinga jobbar i tett kontakt med idretten på Voss og har ei koordineringsfunksjon i høve søknadar og utbetaling av spelemidlar. Oppfølging av helseoversikta i høve risikofaktorar og utfordringar vert viktig. Samarbeid i høve folkehelse med Hordaland fylkeskommune og i Hardanger vert vidareført. Kartlegging av frivillige lag er gjennomført og vil fyljast opp i 2018. Offentleg bading ved Voss ungdomsskule vil falla vekk og overtakast av Vossabadet.

Medarbeidarperspektiv

Årsverka til avdelinga vil verta redusert til 1,6. Av desse står 0,6 årsverk vakant. 0,35 årsverk til offentlig bading fell vekk.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	1,6	2,0	2,3
Tal personar	1	5	5

Vakant stilling på 60%

Interne prosessar

Kulturdepartementet endrar søknadsportal og arbeidssystem for spelemidlane. Det vil i 2018 verta viktig å tillegga seg kompetanse på dette og kunna læra dette til aktuelle partar.

9.3 Kulturhus

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Kulturhus			
Sum utgifter	8 810 500	7 414 604	7 988 405
Sum inntekter	-9 100 957	-8 472 119	-8 895 271
Netto	-290 457	-1 057 515	-906 866

Økonomi

Husleiga og kinoen er viktige for økonomien på Kulturhuset. Biblioteket, Kulturskolen og Vaksenopplæringa er faste leigetakarar. Voss Gymnas var innom som leigetakar, men denne kontrakten var fram til august 2017.

Dei andre utgiftene og inntektene er derimot veldig variable. Det er lagt inn mindre endringar i utgifter og inntekter for 2018.

2017 er eit plan år i forhold til satsing på kunstutstillingar og sal. Avkastning på dette arbeidet ser ein ikkje før i 2018.

Brukarperspektiv

Brukarane fekk meir kultur på Kulturhuset i 2017, gjennom konsertar og film. Synlegheita på facebook er og auka.

Medarbeidarperspektiv

Me jobbar og med å styrka samarbeidet mellom Kulturhuset og interne leigetakarar: Biblioteket, Vaksenopplæringa og Kulturskolen

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	7,5	7,0	6,1
Tal personar	12	11	9

Interne prosessar

Det vil verta jobba med å bli meir synlege og tilgjengelege for publikum. Kinoen vert heildigital i løpet av hausten 2017, noko som vil føra til mindre utgifter på sikt. Samstundes vil det verta jobba med å få eit meir aktivt kunstrom.

9.4 Bibliotek

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Bibliotek			
Sum utgifter	7 973 142	7 667 347	7 553 219
Sum inntekter	-590 803	-242 499	-308 146
Netto	7 382 339	7 424 848	7 245 073

Økonomi

Det er ingen store endringar i dei økonomiske tilhøva for biblioteket frå 2017 til 2018.

Brukarperspektiv

Brukarane får nye tenester innanfor dei økonomiske rammene.

Medarbeidarperspektiv

To av dei tilsette tek ut AFP med 20%. Det vert tilsett nye medarbeidarar i 40% mellombels stilling.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	6	6	6
Tal personar	6	6	6

Interne prosessar

Det er ikkje planar om nye datasystem i 2018.

9.5 SLT Ungdomsarbeid

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
SLT Ungdomsarbeid			
Sum utgifter	3 850 084	3 774 960	3 872 793
Sum inntekter	-773 573	-593 800	-593 800
Netto	3 076 511	3 181 160	3 278 993

Økonomi

Det er ingen store endringar når det gjeld økonomiske tilhøve.

Tidlegare støtte frå sentralt hald til SLT arbeidet har opphøyr.

SLT koordinator fekk i 2015 kr 67000 i støtte frå KRÅD til prosjektet ferieaktiviteter i samarbeid med barnevern. Ein liten del av desse pengane vart brukt i 2015 og resten vart sett på fond øyremerka same tiltak i 2016. Desse pengane står på bundefond i 2017.

Det har i 2017 vore ei endring når det gjeld kunnskapsprøve i alkohol , før vart denne tenesta berre mogleg å gjennomføra i Kvam. Det at Voss kommune tilbyr kunnskapsprøver har ført til ein auke av inntekter innan edruskapsvern

Brukarperspektiv

Avdelinga har i 2017 hatt fleire faste tiltak med godt besøk, ungdomsklubben "Gryto" som er inne i sitt 40 år som ungdomsklubb og Ungdomshuset UHV i gamle Voss barnehage. Begge desse klubbane er brukarstyrt med eige styre og har faste opningstider. Besøks talet ligg på cirka 70 besøk pr. kveld når ein reknar begge tiltaka samla. Avdelinga har ulike tiltak som er retta mot brukarar til dømes: Prosjekt Gryterock, Ukm (i samarbeid med kulturskulen), utekontakten, motoraktivitet, skateklubben, Voss ungdomsråd og tysdagsklubben.

Tiltaka er ein del av total tilbodet til ungdom på Voss og rettar seg mot ungdom som ikkje har tilbod i til dømes organisert idrett eller lags liv.

Medarbeidarperspektiv

Me har i 2017 gjennomført 2 større prosjekt retta mot arbeidsmiljø. Me har gjennomført medarbeiderundersøkinga 10 faktor, samt utarbeiding av ny arbeidsgjevrapolitikk og verdigrunnlag.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Arsverk	3,8	3,8	3,8
Tal personar	8	8	8

Interne prosessar

Nye nettsider er innført og vil gje betre informasjon om tenestene. Ein er no ferdig med digitalisering av alle skjema. Desse ligg tilgjengelege på nettsida og betrar vår måte å kommunisere på . Dette har gjort arbeidet med skjenkesøknader lettare og meir oversikteleg.

9.6 Kulturskule

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Kulturskule			

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Sum utgifter	7 182 459	7 205 659	7 325 390
Sum inntekter	-1 847 638	-1 964 555	-1 934 555
Netto	5 334 821	5 241 104	5 390 835

Økonomi

Brukarbetaling vert auka med 2,4 %

Det ligg framleis ønske om auka stilling i økonomiplanen, utan at det er budsjettert med dette for 2018.

Faste løyvingar til Korps i skulen og Write An Opera, gjer det mogeleg for kulturskulen å fortsetje arbeidet her .

Brukarperspektiv

Hausten 2017 vert det igangsett eit prøveprosjekt , som me kallar "kulturhuset som læringsarena" Skulane Evanger og Gullfjordungen kjem til å få bl.a. korps i skulen undervisning i kulturhuset kvar veke.

Det er tilsett ny dramalærer i 20% stilling , fast.

Kulturskulen har oppretta 2 nye strykeorkester. Dette er elevar som allereie er elev på stryk, og som får dette som eit ekstra tilbod. Dette er ei satsing på ensemblespel i kulturskulen.

Kulturskulen har starta opplæring i direksjon, det er 4 elevar på tilbodet, og Voss kulturskule er den første skulen i Europa som har dette tilbodet.

Medarbeidarperspektiv

Kulturskulen fortset satsinga si på den digitale plattformen Speedadmin. Systemet er godt implementert i drifta av kulturskulen.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	7,9	7,9	7,9
Tal personar	14	14	19

Pianostillinga i DM gruppa er vakant, her vert det leigd inn pianist etter behov.

Interne prosessar

Kontinuerleg kompetanseheving vert gjennomført. Digitale verktøy er no gjort

tilgjengeleg for alle tilsette.

10 Teknisk

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Teknisk			
Inntekt	-122 707 103	-107 199 582	-114 048 320
Utgift	221 338 114	207 786 582	222 845 320
Netto	98 631 011	100 587 000	108 797 000

Økonomi

I økonomiplanen er drifta vidareført i 2018 med følgjande auke gitt i økonomiplanen:

- reasfaltering av kommunale vegar 3 000 000 kr
- sentrumsplan - prosjektstilling 500 000 kr
- leige Voss Idrettshall/ erstningsareal Idrettsbygget 411 000 kr

Innsparing, 500 000 kr, som ein følge av at bassenget på ungdomsskulen og friluftsbadet vert stengt. Utebassenget må påreknast noko ombygging av vassbehandlingsanlegget samt driftsutgifter om ein skal oppretthalda drift.

Det er gjennomført tilsyn på Voss flyplass Bømoen. Avvik må rettast om flyplassen skal halda fram; hogst i hindersona, reparasjon i dekket på rullebanen og oppmerking av rulle- og taksebane. Landingsavgiftene vert justert opp. Det må påreknast auka driftsutgifter.

Brann har hatt tilsyn og har ikkje lukka eit avvik som gjeld garderobetilhøva. Vil ikkje verta fullgodt før ny brannstasjon står klar, men må finna rom for utgifter til mellombels løysing. Framlegg på brakker. Driftsutgifter vert finansiert av auke i feiegebyret.

Brukarperspektiv

Tekniske tenester yt i stor grad tenester til innbyggjarane i Voss, men Bygg og eigedom (BOE) tener interne brukarar. Stor byggjeaktivitet gjev lengre responstid for vedlikehaldsarbeid som ikkje er hastesaker. BOE vil i større grad prioritera vedlikehaldsoppgåvene på bygg i samarbeid med leiinga i kommunalavdelingane, jf. handlingsplan.

Areal til park/ friområde aukar. Ein må pårekna lågare standard på uteområda. Vanskar med rekruttering av fagarbeidarar gjev færre til å utføra vedlikehaldsarbeid.

Avdelinga arbeider med ny sentrumsplan. Plan for sentralidrettsanlegget og Vetleflaten vert gjennomført i eigen regi. Tenestene er dels finansiert med gebyr, men ein del av oppgåvene til dømes arealforvaltning, tilsyn og karttenester, kan ikkje gebyrfinansierast. Gebyrsatsane ligg på eit fornuftig nivå i høve til sakshandsamingstid og omfang.

Kommunale bygg som ikkje lenger er i bruk for kommunale formål, bør seljast for å minka drift og vedlikehald.

Medarbeidarperspektiv

Det er for tida eit svært høgt aktivitetsnivå innan tekniske tenester. Stor utbyggingsaktivitet gjev store utfordringar innanfor prosjekt- og byggjeleiing både innanfor BOE og innan driftsavdelinga (veg, vatn og avløp). Det trengst stramme prioriteringar. Høgt forventningsnivå til service og oppfølging, gjer kvardagen svært hektisk for mange av våre tilsette. I tillegg kjem arbeid med nye Voss kommune. Mange avtalar og forskrifter må samordnast og vedtakast felles for nye Voss.

Kurs og opplæring av våre tilsette vert prioritert også i dette budsjettframlegget. Vi inngår sørvisavtalar på maskiner, likeins bør vi syta for vedlikehald av våre tilsette som er vår viktigaste ressurs.

Avdelinga skal jobbe vidare med handlingsplanen på grunnlag av 10 faktor medarbeidarundersøkinga.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	107,61	107,95	100,48
Tal personar	115	115	107

Fotnote: Auken i tal stillingar frå 2016 til 2017 frå 100,5 til 108 er følgjande; 2 feiarstillingar som følgje av forskrift, 2 stillingar VA, 2,7 stilling BOE; bustadforvaltar (flykting), byggjeleiar (finansiert ved investeringsprosjekt), 0,7 justering av prosentstillingar, 0,5 Voss idrettshall KF, 0,3% tømrrar/vaktmeister, 0,5 stilling personale/økonomi fellestenester. I tillegg kjem div vakante delstillingar som vart trekt ut av budsjettet 2016, men som ein i år har fått på plass att.

Interne prosessar

Det må framleis jobbast med å få til eit godt samarbeid internt for å få gode utbyggingsavtalar på plass. Stort fokus på å få til eit godt samarbeid mellom prosjektet *ny sentrumsplan* og Voss Eigedom AS som kan realisera og byggja ut sentrale, kommunale tomter i sentrum.

Bygg og eigedomsavdelinga (BOE) arbeidar vidare med omsyn til organisering. Nye og større kommunale bygg med meir kompliserte tekniske anlegg, vil krevje endringar i vaktmeistarkorpset. BOE vil arbeida med tydeleggjering av ansvarstilhøva mellom eigar og brukar av bygg. Ein vil tydeleggjera brukane sitt ansvar i høve endringar hjå brukar som påverkar BOE sine prioriteringar og ressursbruk.

Arbeidet med Nye Voss og kommunesamanslåingsprosessen med Granvin herad, vil ta ein del ressursar i leiinga også i 2018. Kartlegging og organisering av ny kommune vil ha fokus.

10.1 Teknisk fellesadministrasjon

Driftsrapport

	Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
	Teknisk fellesadministrasjon			
	Inntekt	-41 166	-102 500	-102 500
	Utgift	2 885 064	3 586 229	3 688 724
	Netto	2 843 898	3 483 729	3 586 224

Økonomi

Det er ingen større endringer.

Brukarperspektiv

Fellestenestene vil innehalda administrative ressursar som i utgangspunktet har brukarar innan eigen organisasjon og skal arbeide for å gjera avdelinga best mogleg skikka til å gjere dei tenestene som teknisk er pålagt overfor våre borgarar.

Fellestenestene vil innehalda administrative ressursar som i utgangspunktet har brukarar innan eigen organisasjon og skal arbeide for å gjera avdelinga best mogleg skikka til å gjere dei tenestene som teknisk er pålagt overfor våre borgarar.

Medarbeidarperspektiv

Ingen endringer eller tiltak er planlagt.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	3,5	3,5	3
Tal personar	5	5	4

I realiteten har vi vore 3 årsverk og 4 personar fram til oktober 2017. Etter 1.oktober 2017 er vi 3,5 årsverk fordelt på 5 personar.

Interne prosessar

Arbeidet med Nye Voss og kommunesamanslåingsprosessen med Granvin herad, vil ta ein del ressursar frå denne gruppa/leiinga i 2018.

10.2 Plan, oppmåling og byggesak

Driftsrapport

	Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
	Plan, oppmåling og byggesak			
	Inntekt	-8 494 654	-7 412 500	-8 262 500
	Utgift	13 184 543	12 782 329	14 107 127
	Netto	4 689 889	5 369 829	5 844 627

Økonomi

Det har skjedd endring i gebyrinntektene både på byggesak og oppmåling i løpet av 2017. Aktiviteten er lågare og færre saker kjem inn. Det vil truleg halde seg på dette nivået utover 2018 og inntektene må reduserast. Når det gjeld plangebyr er det mange planar i omløp og gebyrinntektene gir overskot. Inntektene på plan kan aukast noko neste år.

Store utgiftspostar er løn- og sosiale kostnader samt vedlikehaldskontrakt for alle kart tenestene og utgifter til kartverket.

Arbeidet med sentrumsplanen er sett igang og det er behov for konsulentmidlar til utgreiingar og utvikling av sentrum.

Gebyrsatsane for byggesak, oppmåling og plan vert føreslått auka med prisstigning.

Brukarperspektiv

Størstedelen av tenestene er retta ut mot eksterne brukarar. Handsaming av private reguleringsplanar i tråd med plan og bygningsloven. Handsaming av byggesaker, søknadar om utslepp, søknadar om deling av einskildtomter og tilleggsareal og seksjonering. Handsaming etter matrikkellova og delingssaker. I tillegg driv ein med planlegging av eigne planar; sentrumsplan, plan for sentralidrettsanlegget og plan for Vetleflaten. Alt dette kjem brukarane i kommunen til gode.

Med full bemanning frå 2018, vil det vere tilstrekkeleg med ressursar for å imøtekomme brukarane. Tenestene vert handtert innanfor lovpålagte fristar, noko som gjev forutsigbarheit og nøgde brukarar.

Tenestene er dels finansiert med gebyr, men ein del av oppgåvene er samfunnsoppgåver og forvaltningsoppgåver (til dømes arealforvaltning, tilsyn og karttenester), der ein ikkje har høve til gebyrfinansiering av tenestene. Gebyrsatsane ligg på eit fornuftig nivå i høve til sakshandsamingstid og omfang.

Medarbeidarperspektiv

Alle stillingar på avdelinga vil vere besett i 2018. Totalt 14 stillingar/personar, 13,6 årsverk. 4,1 årsverk oppmåling, 3,5 årsverk arealplan, 5 årsverk byggesak og 1 årsverk prosjektleiar sentrumsplan.

Med full bemanning skal vi ha tilfredsstillande ressursar for å forvalte lovpålagte oppgåver og drive eigenutvikling.

Det vil vere 3 nytilsette, 2 på byggesak og 1 på plan. Det gjer at det er spesielt viktig å halde fram med prioritering av kurs/opplæring.

Avdelinga skal jobbe med oppgåvemotivasjon jf. arbeid med 10 faktor undersøkinga.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	14	14	13,6
Tal personar	14	14	14

Interne prosessar

Det vil bli fokus på kommunesamanslåing. Spesielt arbeid med endring av matrikkel i Voss og Granvin vil bli ei viktig oppgåve for avdelinga. Samkøring av planregister og arkivering vert og viktig.

Det må framleis jobbast med å få til eit godt samarbeid internt i kommunen for å få gode utbyggingsavtalar på plass. Utbyggingsavtalar genererer arbeidsoppgåver og ansvar til kommunen.

Det må vere fokus på å få til eit godt samarbeid mellom prosjektet sentrumsplanen og Voss Eigedom/Voss kommune si realisering og utbygging på sentrale tomter i sentrum.

Det skal vere fokus på god intern informasjonsflyt.

10.3 Drift

Driftsrapport

	Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
	Drift			
	Inntekt	-64 456 288	-58 144 499	-57 754 403
	Utgift	84 059 638	79 340 287	82 820 557
	Netto	19 603 350	21 195 788	25 066 154

Økonomi

I nettoramma for drift ligg både veg, vatn og avløp. Grunna sjølvkostprinsippet skal alle utgifter til vatn og avløp betalast av gebyr og utgjer tilnærma 0 i netto driftskostnader.

Budsjettet har om lag same nettoramme som i budsjett 2017. Auken frå budsjett 2017 er i hovudsak auke i høve ekstra løyving på 3 mill kr til asfaltering av kommunale vegar. Avdelinga vil prioritere reasfaltering av vegar med tilfredsstillande, godt beredekke der asfaltdekket er mest slitt. Utan desse ekstramidlane rommar ikkje driftsbudsjettet reasfaltering med mindre vi får svært "snille" vintrar.

Innan vatn og avløp vil ein følgja opp hovudplanane og utarbeidd prioriteringsliste. Arbeidet med utbygging av reservevassanlegget på Bømoen held fram også i 2018 med prøver av vasskvalitet og mengde.

Tilsyn på Voss flyplass Bømoen medførte krav om fleire tiltak, m a hogging i hindersonene, vøling av rullebanen og ny oppmerking då gamal merking har forsvunne. Dette er krav som må gjennomførast før godkjenning.

Brukarperspektiv

Avdelinga har prioritert vegutbetring og vil halda fram med utbetring av dei verste flaskehalsane etter prioriteringslista. Samstundes vil vi ha fokus på asfaltering av vegar der berelag og grunn er ok, men asfaltdekket er dårleg.

Som tidlegare vil det vera mest effektivt å gjennomføra samarbeidsprosjekt der leidningsnett for vatn og avløp vert skifta samstundes med oppgradering av kommunal veg.

Eit fullgodt reservevassanlegg i Bømoen vil gje innbyggjarane ennå større trygghet og kommunen sikkerheit for at vi kan levera reint vatn til ei kvar tid.

Medarbeidarperspektiv

Det er for tida stor aktivitet og det har pågått eit generasjonsskifte innan planlegging og prosjektering på veg og VA-feltet. Eldre, erfarne tilsette er erstatta av relativt ferske, nyutdanna sivilingeniørar som får si opplæring gjennom å arbeide i lag med erfarne medarbeidarar.

Det er gjennomført medarbeidarundersøking, 10-faktor. Avdelinga arbeider med å utarbeide ein handlingsplan for å følgje opp resultatet i medarbeidarundersøkinga.

Bjarne Løne er tilsett i stillinga som driftssjef innan veg, vatn og avløp (kommunaltekniske anlegg). Han tok til i stillinga som driftssjef etter halvanna år vakanse. Det vil bety mykje for medarbeidarane i avdelinga at ein får på plass ein leiar.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	34,53	36,13	34,12
Tal personar	36	37	35

Interne prosessar

I perioden utan driftsleiar har vi improvisert med leiar for VA og leiar for veg samt forsøkt å konkretisere arbeidsoppgåvene noko. Vi fann ikkje rom for å tilsetja i nyoppretta stilling som kontrollingeniør/byggjeleiar, då vi innsåg at vi ikkje hadde kapasitet til å følgje opp den nytilsette.

Utbyggingsavtalar i samband med gjennomføring av reguleringsplanar, krev eit tett og nært samarbeid opp mot plan, oppmåling og byggjesak, men og drift i form av VA og veg. Dette gir nye moglegheiter for å få gjennomført ynskt utvikling knytt til teknisk utbygging og grøn infrastruktur, men krev i mange tilfelle kommunal eigendel inn i prosjektet.

Det vil verta ein bilansvarleg for forvaltning av alle bilane i kommunal teneste, stå for innkjøp og vurdere utskiftingstakt og behov.

Planane om å bygja eit felles bygg til drift og bygg og eigedom kan nå realiserast ettersom tomta på Istad er klar til å takast i bruk. Bygget vert sjølvfinansierande då kommunen i dag leiger desse lokala i Bømoen.

10.4 Bygg og eigedom

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Bygg og eigedom			
Inntekt	-39 035 799	-35 557 583	-39 399 417
Utgift	95 285 376	92 458 336	99 807 355
Netto	56 249 577	56 900 753	60 407 938

Økonomi

Faste driftsutgifter (straum, kommunale avgifter, pålagde kontrollar og serviceavtalar mm) aukar på bekostning av frie midlar til vedlikehald.

Personellressursar på Bygg og eigedom (BOE) vert nytta i samband med

investeringsprosjekt, noko som gjev mindre ressursar att til gjennomføring av større vedlikehaldsoppgåver.

Det er auka ramme pga. Villa Gjerdebu og Klausabakken barnehage.

Prestegardslandet vert "større" og krev nytt utstyr til vedlikehald.

Aktivitetsparken aukar i omfang og krev meir ressursar.

Om kommunale bygningar skal knyta seg til fjernvarmenettet frå Hbio, vil det krevja midlar til fastpris for tilknytningar, anleggsbidrag og diverse omleggingar av anlegg i bygningane. Auke i driftsutgiftene i høve til straum.

Drift av Vossabadet vert ikkje belaste Bygg og eigedom. Det er lagt inn innsparing på bassengdrift ved ungdomsskulen frå haust 2017, når Vossabadet vert teke i bruk. Det vil verta utgifter til terminering av gammalt anlegg ved ungdomsskulen i 2018.

Brukarperspektiv

Bygg og eigedom (BOE) yt i stor grad tenester til interne brukarar i kommunen. På grunn av stor byggjeaktivitet, vil det truleg verta lengre responstid for oppdrag som ikkje er hastesaker.

BOE vil i større grad prioritera arbeids- og vedlikehaldsoppgåvene på ulike bygg i samarbeid med leiinga i kommunalavdelingane.

Det er tilsett eigedomsutviklar siste året. Det er tilsett prosjektleiar som skal køyra byggeprosjekt for Voss kommunale Bustadstifting og Voss eigedom.

Vi ser at areal med friområde og parkar veks og med auka areal, aukar arbeidsmengda. Av den grunn må ein pårekna noko lågare standard på uteområda generelt.

På grunn av vakansar i stillingar har ein del arbeid ikkje vorte utført så raskt som ynskjeleg. Det er tilsett 2 nye i vakante stillingar hausten 2017.

Medarbeidarperspektiv

Det er stor slitasje på medarbeidarar grunna høg aktivitet og mange investeringsprosjekt samstundes. Forventningane til BOE er for tida større enn det avdelinga kan innfri, noko som er utfordrande og slitande over tid. Krav og forventningar frå brukarane samsvarar ikkje med ressurstilgangen.

Det er viktig for medarbeidarane at dei har tid til å sørva brukarane innan det som er kjerneoppgåva: drifta og vedlikehalda dei kommunale bygningane slik at tilhøva vert best mogeleg tilrettelagt for brukarane.

Aktivitetsnivået innan nybygg/prosjekt har vore større enn det kommunen er rusta for. Mindre prosjekt vert skadelidande og utsett. Prosjekt som er gjennomført med eigen prosjektleiar og byggjeleiar frå BOE er gjennomført med god erfaring, når det gjeld kvalitet, tid og kostnad.

Det vert gjennomført diverse kurs der det er krav til at opplæring er dokumentert, sertifikat o.a. Kursing og oppdatering av personalet vert prioritert.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Arsverk	41,6	40,6	38,08
Tal personar	45	44	44

Interne prosessar

Bygg og eigedom arbeidar vidare med omsyn til organisering. Nye og større kommunale bygg med meir kompliserte tekniske anlegg, vil krevje endringar i vaktmeistarkorpset. Bygg og eigedom vil arbeida med tydeleggjering av ansvarstilhøva mellom eigar og brukar av bygg. Ein vil tydeleggjera brukane sitt ansvar i høve endringar hjå brukar som påverkar budsjetta. Det vil påverka vaktmeistarinnndelinga når det kjem til fleire nye bygg med større grad av sentrale styringssystem.

Fagkompetansen i Bygg og eigedom må i endå større grad tilpassast dei nye bygningane og dei tekniske installasjonane i desse.

Det vil verta teke i bruk nytt styringsverktøy innan Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV). Dette vil ha betydning også for brukarane. Programmet vil vera eit viktig reiskap i høve arbeidet mot ein ny kommune.

I arbeidet framover vil ein ha med at det vert ein ny kommune frå 2020.

10.5 Næringsavdeling

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Næringsavdeling			
Inntekt	-7 328 784	-1 364 500	-3 510 500
Utgift	11 469 826	4 912 153	7 094 360
Netto	4 141 042	3 547 653	3 583 860

Økonomi

20 % stilling vert leigd ut til Fylkesmannen i eit prosjekt knytt til verneskog og eigedomsovergrepande samarbeid i skog. Inntektene vert brukt til å finansiera deler av vikar som erstatning for medarbeidar som er delvis langtidssjuktmeld.

Avdelinga har ansvar for å finansiera Voss kommune sin del i ny landbruksveg frå Bjørke til Tverberg. Inntekter for å dekkja denne kostnaden vert enten hogst i

kommunal skog eller sal av Kyrkjeteigen (400/3) på Evanger, der kommunen disponerer vegretten (via å ha kosta deler av ny veg).

Det vil mest sannsynleg ikkje vera harmonisering av inntekter og utgifter på same år.

Brukarperspektiv

Avdelinga tek framleis del i retting av eigedomsgrenser på landbrukseigedomar i Voss. Dette er ledd i fullføringa av gardskart som har mål om å ha riktige arealopplysningar over alle landbrukseigedomar i Voss. Dette gjeld både eineigde areal og sameigde areal. Det er spesielt i stølssameiger at det står att mykje arbeid. Store fjellvidder i Voss står i dagens kart som eigarlaus.

Dette er ein stor utfordring for Voss kommune knytt til sin forvaltning enten det gjeld eigedomsskatt, motorferdsel, vilt m.m.

Medarbeidarperspektiv

Avdelinga har langtidsjukmelding som vert løyst ved innleigd vikar.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	4,8	4,6	4,6
Tal personar	5	5	5

Interne prosessar

Omfordeling av arbeidsoppgåver knytt til langtidssjukmelding.

10.6 Brannvern

Driftsrapport

	Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
	Brannvern			
	Inntekt	-3 350 412	-4 618 000	-5 019 000
	Utgift	14 453 667	14 707 248	15 327 197
	Netto	11 103 255	10 089 248	10 308 197

Økonomi

Første heile driftsåret i 2018 er dei 2 nye feiarar i full drift ettersom det er krav om at

hytter også er omfatta av krav om behovsprøvd feiing og tilsyn (§ 17 i forskrift om brannforebygging). Dette gjeld for 3200 hytter som må betale feie og tilsynsavgift, som skal dekke utgiftene til løn og naudsynt utstyr for 2 feiarar som me treng for å utføre behovsprøvd feiing ved å gå tilsyn. Sidan utvida feieavgift dekker kostnadene, vil nettoramma i budsjettet ikkje auke.

Budsjettet for 2018 er i tillegg auka med driftsutgifter til godkjend garderobe, for å imøtekomme krav frå arbeidstilsynet om skilje mellom skiten og rein sone. Det er framlegg om modulbygg, og ein tek utgangspunkt i auka driftskostnader med kr 150.000. Auka utgifter er finansiert gjennom ytterlegare auke i feiegebyret med 3,6% i tillegg til normal prisvekst.

Brukarperspektiv

Brannsikkerheita for den enkelte hytteeigar vil betra seg ettersom førebygginga vert betre.

Feiarane vert kjent i hyttefelt, noko som vert ein fordel for beredskapen når ein skal rykkje ut til ein evt. brann eller anna hending, då feiarane også deltek i beredskapsstyrken.

Feiing av hytter viser seg å ha god førebyggjande effekt ettersom feiarane her finn ein del feil og manglar som er brannfarlege.

Brannvernet har ein merkbar auke i ambulanseoppdrag ettersom det er ein mindre ambulanse i bygda og der er mykje folk i hyttene i helg og høgtid.

Medarbeidarperspektiv

Dei nye feiarane som vart tilsett som fylgje av hyttefeiing skal vera ferdig opplært.

Å få på plass godkjende garderobetilhøve vil medføre reduksjon i eksponering av kjemisk helsefare for tilsette innanfor brann/feiing. Avvik etter tilsyn frå Arbeidsmiljøtilsynet vert fyrst lukka når det er på plass garderobetilhøve som skil rein og skiten sone. Om Voss kommune ikkje klarer å lukka avviket innan 31.12.2017, vil det påløpa dagbøter. Kontorlokala er også dårlege, og det er såleis naudsynt med utgreiing av nye lokale for brannstasjon. Dette er eit større arbeid som vil ta fleire år, og ein ynskjer då å få til ei mellombels løysing.

Stillingsoversyn

	2 018	2 017	2 016
Årsverk	9,13	9,13	7,13
Tal personar	10	10	8

Interne prosessar

Samarbeid mellom kommunane i Hordaland om å etablera samarbeid med sjølvstendige brannvesen pågår.

Postalt tilsyn frå arbeidstilsynet viser at me har store utfordringar på Voss og Vossestrand stasjon der me har fått avvik.

11 Avgiftsbudsjett

11.1 Oppvekst

Betalingsattsar 2018

Gebyr	Pris 2017	Pris 2018	% endring
Barnehageplass, heil plass,	2 730	2 910	6,6
Barnehageplass, 4 dagar	2 245	2 395	6,6
Barnehageplass, 3 dagar	1 930	2 060	6,7
Kjøp av einiskild dagar	295	315	6,7
Ordinær SFO-plass, 5 dagar	2 045	2 095	2,4
Ordinær SFO-plass, 3 dagar	1 425	1 460	2,4
Utvida SFO-plass, 5 dagar	2 725	2 790	2,4
Utvida SFO-plass, 3 dagar	1 870	1 915	2,4

11.2 Helse og omsorg

Betalingsattsar 2018

Gebyr	Pris 2017	Pris 2018	% endring
Middag, heimebuande	86	88	2,4
Graut, heimebuande	45	46	2,4
Heimehjelp, 0-2 G i brukarinntekt, kr/mnd. (statleg sats)	200	205	2,5
Heimehjelp 2-3 G i brukarinntekt, utgiftstak kr/mnd	897	919	2,4
Heimehjelp 3-4 G i brukarinntekt, utgiftstak kr/mnd	1 579	1 617	2,4
Heimehjelp 4-5 G i brukarinntekt, utgiftstak kr/mnd	2 198	2 251	2,4
Heimehjelp 5-6 G i brukarinntekt, utgiftstak kr/mnd	2 817	2 885	2,4
Heimehjelp over 6 G i brukarinntekt, utgiftstak kr/mnd	3 406	3 488	2,4
Heimehjelp, timesats (Brukar betaler timesats eller månadsbeløp/abonnement avhengig av omfang, ut i frå kva som er mest føremålstenleg for brukar)	350	358	2,4
Institusjonsopphald: Inntil 75% av grunnbeløpet i folketrygda og inntil 85 % av inntekter ut over grunnbeløpet			
Korttidsopphald (statleg sats) kr/dag	155	160	3,2
Dagopphald/nattopphald (statleg sats) kr/dag	80	80	0
Husmorvikar, 0-2 G i brukarinntekt, kr/mnd	200	205	2,5
Husmorvikar, 2-3 G i brukarinntekt, kr/mnd	897	919	2,4
Husmorvikar, 3-4 G i brukarinntekt, kr/mnd	1 579	1 617	2,4
Husmorvikar, 4-5 G i brukarinntekt, kr/mnd	2 198	2 251	2,4

Gebyr	Pris 2017	Pris 2018	% endring
Husmorvikar,5-6 G i brukarinntekt, kr/mnd	2 817	2 885	2,4
Husmorvikar, over 6 G i brukarinntekt, kr/mnd	3 406	3 488	2,4
Omsorgsteknologi, kr/mnd	250-400	350	
Montering av elektronisk lås	800	800	0
Tryggleiksalarm	320	328	2,4
Tryggleiksplass pr. dag	231	237	2,4
Tryggleiksplass pr. mnd	4 934	5 052	2,4
Heilpensjon Vossestrand:	117	120	2,6

11.3Rådmannen sin stab

Betalingsattsar 2018

Gebyr	Pris 2017	Pris 2018	% endring
Stor plass			
Faste plassar pr. år	15 810	16 205	2,5
Faste plassar pr. mnd	1 715	1 760	2,5
Korttidsleige :			
pr. påbegynt veke	1 355	1 390	2,5
pr. dag måndag-torsdag	425	435	2,5
pr. dag fredag-laurdag	545	560	2,5
Liten Plass			
Faste plassar pr. år	12 755	1 395	2,5
Faste plassar pr. mnd	1 640	1 680	2,5
Korttidsleige :			
pr. påbegynt veke	1 025	1 050	2,5
pr. dag måndag-torsdag	380	390	2,5
pr. dag fredag-laurdag	450	460	2,5

11.4Kultur og fritid

Kommunen fører

Betalingsattsar 2018

Gebyr	Pris 2017	Pris 2018	% endring
1. Kulturskule , einskildelevar	3 686	3 775	2,4
2. Kulturskule , instrumentleige	500	510	2,4
3. Kulturskule , gruppeundervisning	2 030	2 080	2,4
4. Kulturskule , biletkunst	3 244	3 320	2,4
5. Kulturskule , materialpengar	650	650	0
6. Kulturskule , dans	2 722	2 790	2,4
7. Kulturhus , kultursal (lag/kommers)	8210/15850	8405/16230	2,4
8. Kulturhus , konferanserom (lag/ kommers)	6025/8210	6170/8405	2,4
9. Kulturhus , digitalsal/ panoramasal (lag/ kommers)	4925/ 8750	5045/8960	2,4
10. Kulturhus , rom 005 (lag/ kommers)	2460/ 3825	2520/3915	2,4
11. Kulturhus , studierom (lag/ kommers)	2460/ 3825	2520/3915	2,4
12. Kulturhus , dansesal (lag/ kommers)	8200/ 10390	8400/10640	2,4
13. Kulturhus , kunstutstillingsrom (lag/ kommers)	2740/ 3825	2805/3920	2,4
14. Gamle Voss kino (sal/ foajé)	5470/ 1650	5600/1690	2,4
15. Årleg tilsynsavgift salsstader tobakksvarer, faste	-	4 500	
16. Årleg tilsynsavgift salsstader tobakksvarer, mellombels	-	1 200	

15 og 16) Kommunen fører frå 2018 tilsyn med registrerte detaljistar som sel tobakksvarer og -surrogater, som e-sigarettar og urtesnus.

11.5 Teknisk

Betalingsattsar. Det er lagt inn 2,4% auke på nokre gebyr. Innan Vatn og avløp ser ein ikkje grunn til å auke gebyr då ein har opparbeidd fond gjennom to år. Same er tilfellet med byggjesaksgebyr.

Voss flyplass Bømoen har ikkje hatt avgiftsauke sidan 2009 og det er derfor lagt opp til eit hopp med bakgrunn i konsumprisindeksen frå 2009.

Tilsyn brann gav avvik for garderobetilhøve som ikkje stettar krava m o t skilje mellom rein og skiten sone. Vi må gjera kortsiktige tiltak for å lukka avviket og føreslår mellombels modulbygg i påvente av ny brannstasjon.

Betalingsattsar 2018

Gebyr	Pris 2017	Pris 2018	% endring
Byggjesak - einebustad	14 458	14 458	-
Oppmåling	10 817	11 077	2,4
Plangebyr - enklaste plansak	26 201	26 830	2,4
Renovasjon 1)	4 212	4 317	2,5
Feiing	470	500	6,0

Gebyr	Pris 2017	Pris 2018	% endring
Septiktømming	848	868	2,4
Vatn 2)	3 487	3 487	-
Vatn 3)	3 838	3 838	-
Avløp 2)	4 245	4 245	-
Avløp 3)	5 203	5 203	-
Vatn/avløp netto endring 4)	9 040	9 040	-
Landingsavgift pr. landing 5)	100	120	17,4
Landingsavgift årskort 5)	2 000	2 350	17,4
Landingsavgift fast avgift flyklubben og fallskjermklubben 5)	30 000	35 200	17,4

Alle betalingsattsar eks. meirverdiavgift.

1) Renovasjonsgebyret føreslått av IHM.

2) Stipulert forbruk gj.sn. vassforbruk hushald med vassmålar.

3) Stipulert forbruk gj.sn. areal einebustad Voss.

4) Netto endring for abonnentar av BÅDE vatn og avløp.

5) Landingsavgift sist justert i 2010 (Endring i KPI i heile perioden = 17,4%).

11.6Voss

Betalingsattsar 2018

Gebyr	Pris 2017	Pris 2018	% endring

12 Budsjett pr. funksjon

12.1Voss

Budsjett pr. funksjon

Funksjonsnr	KOSTRA funksjon	Avdeling	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Rekneskap 2016	Endring 2017-2018 i %
100	Politisk styring	Rådmannen- politiske organ	5 671	7 192	3 902	-21 %
110	Kontroll og revisjon	Rådmannen- politiske organ	1 361	1 361	1 266	0 %
120	Administrasjon	Alle kommunalavdelingene	74 347	78 413	56 711	-5 %
121	Eigedomsforvaltning	Kultur og fritid, Teknisk	5 802	4 251	2 709	37 %
130	Administrasjonslokale	Teknisk	2 959	2 469	3 437	20 %
170	Årets premieavvik	Rådmannen- politiske organ	0	0	-1 269	0 %
171	Tidlegare års premieavvik	Rådmannen- politiske organ	0	0	1 985	0 %
172	Pensjon	Rådmannen- politiske organ	0	0	334	0 %
173	Premiefond	Rådmannen- politiske organ	-10 000	0	0	
180	Fellesutgifter	Rådmannen- politiske organ	825	825	498	0 %
190	Interne serviceeiningar	Teknisk	0	200	0	-100 %
201	Barnehage	Oppvekst	100 399	98 680	91 474	2 %
202	Grunnskule	Oppvekst	163 668	150 723	166 750	9 %
211	Styrkt barnehage tilbud	Oppvekst	8 135	8 121	6 001	0 %
213	Vaksenopplæring	Oppvekst	3 659	3 440	2 862	6 %
215	Skulefritidsordning	Oppvekst	4 536	2 118	2 801	114 %
221	Barnehage- lokale og skyss	Oppvekst	6 252	6 740	6 911	-7 %
222	Skulelokale	Oppvekst	32 393	31 588	28 665	3 %
223	Skuleskyss	Oppvekst	6 479	5 935	5 515	9 %
231	Aktivitetstilbud - barn og unge	Kultur og fritid	3 045	2 949	2 711	3 %
232	Helsestasjon og skulehelse	Oppvekst	9 407	9 713	9 303	-3 %

Funksjonsnr	KOSTRA funksjon	Avdeling	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Rekneskap 2016	Endring 2017-2018 i %
233	Førebyggjande helsearbeid	Helse og omsorg	3 017	1 265	610	139 %
234	Aktivisering av eldre og funksjonshemma	Helse og omsorg	15 926	13 953	14 362	14 %
241	Lege og fysioterapi tenester	Helse og omsorg	27 607	27 537	30 201	0 %
242	Sosial og flykningkontor	Oppvekst Helse og omsorg	16 663	16 460	14 618	1 %
243	Rusomsorg	Kultur og fritid	220	232	221	-5 %
244	Barnevernsteneste	Oppvekst	8 221	6 882	6 467	20 %
251	Barnevernstiltak i familien	Oppvekst	5 447	5 087	5 401	7 %
252	Barnevernstiltak utanfor familien	Oppvekst	20 696	25 490	18 504	-19 %
253	Pleie i institusjon	Helse og omsorg	146 257	143 010	150 805	2 %
254	Pleie til heimebuande	Helse og omsorg	116 094	109 219	99 905	0 %
256	ØHD	Helse og omsorg	2 381	498	-616	0 %
261	Institusjonslokale	Helse og omsorg, Teknisk	28 111	25 345	23 101	11 %
265	Kommunalt disponerte bustader	Teknisk	-221	2 573	5 638	-109 %
273	Kommunale sysselsettingstiltak	Rådmannen sin stab	332	315	739	5 %
275	Introduksjonsorninga	Oppvekst	12 764	10 000	11 147	28 %
276	Kvalifiseringsordning	Helse og omsorg	2 640	2 604	2 137	1 %
281	Ytingar til livsopphald	Oppvekst, Helse og omsorg	16 438	16 765	14 310	-2 %
283	Stønad til eigen bustad	Rådmannen- politiske organ	42	42	1 986	0 %
285	Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	Fellesinntekter	0	-700	246	-100 %
290	Interkommunale samarb. 27-samarb.ny	Oppvekst	5 537	5 255	0	5 %
301	Plan - sakshandsaming	Rådmannen- politiske organ, Teknisk	4 261	4 287	3 325	-1 %
302	Bygge- og delesak	Teknisk	-650	-262	-177	148 %
303	Kart og oppmåling	Teknisk	3 231	2 811	2 517	15 %
320	Kommunal næringsverksemd	Kultur og fritid, Fellesinntekter	-653	-593	-119	10 %
321	Konsesjonskraft	Fellesinntekter	-8 981	-8 981	-6 004	0 %

Funksjonsnummer	KOSTRA funksjon	Avdeling	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Rekneskap 2016	Endring 2017-2018 i %
325	Tilrettelegging og bistand for næringslivet	Kultur og fritid, teknisk, Fellesinntekter	6 193	6 424	5 031	-4 %
329	Landbruk	Teknisk	1 794	1 776	1 722	1 %
330	Samferdsle	Teknisk	312	75	25	315 %
332	Kommunale vegar,,miljø,traikksikr, parkering	Teknisk	28 672	25 401	23 107	13 %
335	Parkar og plassar	Rådmannen sin stab, Teknisk	4 822	3 941	3 287	22 %
338	Førebygging brann og ulukker	Teknisk	621	527	1 185	18 %
339	Beredskap brann og ulukker	Teknisk	9 655	9 556	9 509	1 %
340	Produksjon av vatn	Teknisk	5 120	5 017	3 423	2 %
345	Distribusjon av vatn	Teknisk	-7 633	-7 759	-5 674	-2 %
350	Avlaupsrensing	Teknisk	13 470	13 307	12 759	1 %
353	Avlaupsnett	Teknisk	-13 609	-13 734	-15 154	-1 %
354	Tøming av septiktank	Teknisk	-115	-331	-130	-65 %
360	Naturforvaltning og friluftsliv	Rådmannen sin stab, Teknisk	1 898	1 921	2 139	-1 %
370	Bibliotek	Kultur og fritid	4 727	4 907	4 676	-4 %
373	Kino	Kultur og fritid	-249	-209	-177	19 %
375	Museum	Kultur og fritid	424	2 424	424	-83 %
377	Kunstformidling	Kultur og fritid	850	950	733	-11 %
380	Idrettsaktivitetar og tilskot idrett	Kultur og fritid	1 598	3 053	3 334	-48 %
381	Kommunale idrettsanlegg/bygg	Teknisk	3 721	2 234	6 197	67 %
383	Kulturskule	Kultur og fritid	4 399	4 249	4 064	4 %
385	Kulturaktivitetar og tilskot kultur	Kultur og fritid	6 570	5 941	5 305	11 %
386	Kommunale kulturbygg	Kultur og fritid	5 392	4 975	5 734	8 %
390	Kyrkja	Kultur og fritid	7 955	7 768	7 557	2 %
392	Tilskot livsbygging og organisasjonar	Kultur og fritid	462	451	377	2 %
393	Kyrkjegardar	Kultur og fritid	1 517	1 481	1 338	2 %
800	Skatt	Fellesinntekter	-441 815	-439 735	-421 142	1 %
840	Rammetilskot og generelle statstilskot	Fellesinntekter	-452 143	-421 319	-422 616	7 %

Funksjonnr	KOSTRA funksjon	Avdeling	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Rekneskap 2016	Endring 2017-2018 i %
850	Flyktningstilskot	Fellesinntekter	-38 747	-44 241	-40 248	-12 %
860	Motpost avskrivning	Fellesinntekter	-45 685	-42 650	-42 644	7 %
870	Renter, utbytte og lån	Fellesinntekter	46 103	43 286	24 030	7 %
880	Interne finansieringstransaksjoner	Fellesinntekter	-600	-3 500	27 744	-83 %
899	Årets rekneskapsmessige meir/mindreforbruk	Fellesinntekter	0	0	2 193	0 %

13 Balansert målstyring

13.1 Grunnskular

Økonomi

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Avvik totalt i høve til netto driftsbudsjett	0%	0%	

13.2 Barnehagar

Økonomi

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Avvik totalt i høve til netto driftsbudsjett	0%	0%	

13.3 Helse og omsorg

Økonomi

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Avvik totalt i høve til netto driftsbudsjett	0%	0%	
Avvik mot prognose 3. kvartal	0 %	0 %	
Betalbare døgn utskrivingsklare pasientar	50	50	
Andel faktura godkjent innan forfall	80 %	80 %	

13.4 Kultur og fritid

Økonomi

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Avvik totalt i høve til netto driftsbudsjett	0%	0%	
Avvik mot prognose 3. kvartal	0 %	0 %	
Andel faktura godkjent innan forfall	80 %	80 %	

13.5 Teknisk

Økonomi

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Avvik totalt i høve til netto driftsbudsjett	0%	0%	
Avvik mot prognose 3. kvartal	0 %	0 %	
Andel faktura godkjent innan forfall	80 %	80 %	

13.6Voss

Økonomi

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Avvik totalt i høve til netto driftsbudsjett	0%	0%	
Avvik mot prognose 3. kvartal	0 %	0 %	
Andel inngående elektroniske faktura	60 %	60 %	
Andel faktura godkjent innan forfall	80 %	80 %	

14 Brukarar

14.1 Grunnskular

Brukarar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Nasjonale prøver lesing, 5. årssteg	50		
Nasjonale prøver rekning 5. årssteg	50		
Nasjonale prøver engelsk, 5. årssteg	50		
Nasjonale prøver engelsk 8. årssteg	50		
Nasjonale prøver lesing, 8. årssteg	50		
Nasjonale prøver rekning, 8. årssteg	50		
Nasjonale prøver lesing 9. årssteg	53		
Nasjonale prøver rekning, 9. årssteg	53		
Grunnskulepoeng	40		
Elevundersøking - Trivsel	4		
Elevundersøking - Mobbing på skulen	1,2		
Elevundersøking - Motivasjon	3,8		
Brukarundersøking SFO, resultat for brukarane	5		
Brukarundersøking SFO, %-vis foreldredeltaking	60 %		

14.2 Barnehagar

Brukarar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Brukarundersøking, foreldre - resultat for brukarane	5	5	6
Brukarundersøking, foreldre - brukarmedverknad	4,8	4,8	6
Brukarundersøking, foreldre - trivsel	5	5	6

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Brukarundersøking, foreldre - respektfull handsaming	5	5	6
Brukarundersøking (% deltaking foreldreundersøking)	60 %	60 %	100%

14.3 Helse og omsorg

Brukarar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Tal personar med økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskjelde i meir enn 6 mnd	5		

14.4 Kultur og fritid

Brukarar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Andel kinobillettar kjøpt via nett (e-billett)	40 %	40 %	
Saksbehandlingstid skjenkesaker (i tal dagar)	14	14	

14.5 Teknisk

Brukarar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Tal piper feia i fritidsbustader	500	500	
Gjennom aktivt lekkasjesøk redusera mengde produsert vatn pr døgn (i m ³)	3 900	3 900	
Byggesaker handsama innanfor tidsfrist fastsett i plan- og bygningsloven	100 %	100 %	

14.6 Voss

Brukarar

15 Medarbeidarar

15.1 Grunnskular

Medarbeidarar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Sjukefråvær kvartalsvis	7,7 %	7,7 %	
Statistikk sjukefråvær	7,5 %	7,5 %	
Medarbeidarsamtalar > 40% stilling	100 %	100 %	
Medarbeidarvurdering	90 %		
%-vis deltaking medarbeidarundersøking (10-faktor)	85 %		

15.2 Barnehagar

Medarbeidarar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Sjukefråvær kvartalsvis	7,7 %	7,7 %	
Statistikk sjukefråvær	7,5 %	7,5 %	
Medarbeidarsamtalar > 40% stilling	100 %	100 %	
Medarbeidarvurdering	90 %		
Prosent menn i barnehage	20 %		
Tilsette med barnehagelæruddanning	40 %		
%-vis deltaking medarbeidarundersøking (10-faktor)	85 %		

15.3 Helse og omsorg

Medarbeidarar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Sjukefråvær kvartalsvis	7,7 %	7,7 %	
Statistikk sjukefråvær	7,5 %	7,5 %	
Medarbeidarsamtalar > 40% stilling	100 %	100 %	
Medarbeidarvurdering	90 %		
%-vis deltaking medarbeidarundersøking (10-faktor)	85 %		

15.4 Kultur og fritid

Medarbeidarar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Sjukefråvær kvartalsvis	7,7 %	7,7 %	
Statistikk sjukefråvær	7,5 %	7,5 %	
Medarbeidarsamtalar > 40% stilling	100 %	100 %	
Medarbeidarvurdering	90 %		
%-vis deltaking medarbeidarundersøking (10-faktor)	85 %		

15.5 Teknisk

Medarbeidarar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Sjukefråvær kvartalsvis	7,7 %	7,7 %	
Statistikk sjukefråvær	7,5 %	7,5 %	
Medarbeidarsamtalar > 40% stilling	100 %	100 %	
Medarbeidarvurdering	90 %		
%-vis deltaking medarbeidarundersøking (10-faktor)	85 %		

15.6 Voss

Medarbeidarar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Sjukefråvær kvartalsvis	7,7 %	7,7 %	
Statistikk sjukefråvær	7,5 %	7,5 %	
Medarbeidarsamtalar > 40% stilling	100 %	100 %	
Medarbeidarvurdering	90 %		
%-vis deltaking medarbeidarundersøking (10-faktor)	85 %		

16 Interne prosessar

16.1 Grunnskular

Interne prosessar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
HMS- Vernerunde	100 %	100 %	
Utarbeiding av handlingsplan etter vernerunde	100 %	100 %	
Levert sjekklister, lovkrav	100 %		

16.2 Barnehagar

Interne prosessar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
HMS- Vernerunde	100 %	100 %	
Utarbeiding av handlingsplan etter vernerunde	100 %	100 %	
Levert sjekklister, lovkrav	100 %		

16.3 Helse og omsorg

Interne prosessar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
HMS- Vernerunde	100 %	100 %	
Andel e-Handel	5 %	20 %	
Utarbeiding av handlingsplan etter vernerunde	100 %	100 %	

16.4 Kultur og fritid

Interne prosessar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
HMS- Vernerunde	100 %	100 %	
Andel e-Handel	5 %	20 %	
Utarbeiding av handlingsplan etter vernerunde	100 %	100 %	

16.5 Teknisk

Interne prosessar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
Andel e-Handel	5 %	20 %	
HMS- Vernerunde	100 %	100 %	
Utarbeiding av handlingsplan etter vernerunde	100 %	100 %	

16.6Voss

Interne prosessar

Måleindikatorar	Mål 2017	Mål	Maks score
HMS- Vernerunde	100 %	100 %	
Andel e-Handel	5 %	20 %	
Utarbeiding av handlingsplan etter vernerunde	100 %	100 %	